


FOLKEHELSE I KOMMUNAL PLANLEGGING

- EIN STUDIE OM KORLEIS KOMMUNANE VINDAFJORD OG TYSVÆR I ROGALAND FYLKESKOMMUNE HANDTERER FNS BEREKRAFTSMÅL 3 OM GOD HELSE



UNIVERSITETET I BERGEN

Det Samfunnsvitenskapelige Fakultet

Hanna Greenwood Karstensen

Master i samfunnsgeografi - Mai 2023

Forord

Prosessen med å skrive denne oppgåva har vore lang, slitsam og utruleg lærerik, og det har vore både interessant og utfordrande å skulle velje eige tema og konkretisere sjølv. Det som begynte som eit gigantisk prosjekt om interesseområdet FNs berekraftsmål i kommunen, enda opp som eit tilspissa forskingsprosjekt om folkehelse i kommunal planlegging. Inspirasjonen bak dette temaet, er relevansen berekraftig utvikling har for dagens samfunn, og i så grad FNs berekraftsmål, og korleis desse store, overordna måla må omsettast til meir konkrete, lokale haldepunkt for å kunne bli oppnådd. Innsnevringa skjedde etter eg starta med intervju og dokumentanalyse, samt ved god hjelp frå veileidar. I den anledning, ønsker eg å takke veileidar Knut Hidle for god hjelp gjennom heile prosessen, frå å konkretisere dette store temaet til noko som er lite nok til å forske på, gjennom å støtte, inspirere og tilrettelegge heile vegen, ha mykje god kunnskap på området og gi konstruktive tilbakemeldingar undervegs. Eg ønsker også å takke informantane involvert i prosjektet, for gode intervju og mykje interessant informasjon. Til slutt vil eg takke familie og venner for å vere støttande og oppløftande gjennom heile prosjektet, for å heie på meg og tilby alt dei kan av hjelp frå start til slutt, og for å ha tru på meg når eg ikkje sjølv hadde trua på at det skulle bli ferdig. Dette prosjektet er eine og åleine ferdig på grunn av all støtte eg har fått frå alle som har vore til hjelp. Eg håper å kunne ta alt eg har lært av denne masteren, både fagleg og personleg, vidare i livet og inn i arbeidslivet.

Bergen, mai 2023

Hanna Greenwood Karstensen

Samandrag

Folkehelse er eit sentralt tema som angår alle, og det er viktig å finne løysingar som både styrkar folkehelsa nå, og jobbar førebyggjande for framtida. FNs berekraftsmål 3 – god helse – må i stor grad bli løyst på det lokale plan, og folkehelse i det kommunale planarbeidet er derfor viktig. For å forske på tematikken, har eg brukt følgjande forskings spørsmål: (1) *Korleis blir FNs berekraftsmål 3 om god helse inkludert i planarbeidet på kommunenivå, i kommunane Vindafjord og Tysvær?* (2) *Korleis mobiliserer og engasjerer kommunane omkring berekraftsmål 3, både internt og eksternt?* (3) *På kva for ein måte formar folkehelse kommunanes strategiske visjon om eit framtidsretta, attraktivt samfunn?*

To case-område blei brukt: Vindafjord og Tysvær kommune i Rogaland fylke. Følgjande lovverk har blitt brukt: Plan- og bygningslova (2008), Folkehelseloven (2011), og føringar frå Rogaland fylkeskommune. Teoretiske omgrep som berekraftig utvikling, skala, endogen, eksogen og neoendogen utvikling, strategisk planlegging, medverknad, stadutvikling, og samfunnsplanlegging har blitt teke i bruk. Datainnsamling har skjedd ved semistrukturerte intervju av viktige personar i kommunane, dokumentanalyse av kommuneplanar og regionalplan, samt innhenting av informasjon i lokalmiljøa.

Folkehelse i planarbeidet syner igjen i begge kommunane. Det finst likskapar i, begge har helse- og omsorgsplanar og folkehelse er eit viktig tema i planprosessen, samt fokus på å legge til rette for at folk sjølve skal vere interessert i eiga helse, både førebyggjande og ved pleie og omsorg. I Vindafjord skal kommunen jobbe med andre kommunar og gi folk hjelpemiddel for å styrke seg sjølve. I Tysvær er det stort fokus på kva kommunen, i samarbeid med det frivillige arbeidet i kommunen, kan utrette av folkehelsearbeid.

Folkehelse blir brukt som strategisk handlingsfelt, både for å styrke helsa til buande og for å skape attraktive lokalsamfunn. Arbeidet skjer i praksis både frå ein eksogen ståstad med insentiv frå blant anna fylket, og ein endogen ståstad med frivilligheita og innbyggjarinitiativ i sentrum. Ueinigheiter mellom desse kan skape konflikhtar, som kan vere utfordrande, men også skape dialog og nyvinningar. Mykje i kommunane er neoendogent, ei blanding av kommunal eller regional styring og lokalt engasjement.

Ut i frå forskinga, vil begge kommunane fortsetje med fokus på folkehelse fordi det er lovpålagd, men også fordi det finst ei interesse for å ivaretake og tiltrekkje innbyggjarar. Med engasjementet lokalt for å skape gode lokalsamfunn, vil denne tematikken vere i sentrum dei komande åra.

Abstract

Public health is a central topic that concerns everyone, and its important to find solutions that both strengthens public health now, and works in a preventative way for the future. The UN Sustainable Development goal 3 – good health – must, to a large extent, be solved at the local level, and public health in municipal planning is therefore important. To research this topic, I have used the following research questions: (1) *How is SDG 3 – good health – included in planning at the municipal level, in the municipalities Vindafjord and Tysvær?* (2) *How do the municipalities mobilize and engage around SDG 3, both internally and externally?* (3) *In what way does public health shape the municipalities' strategic vision of a future-oriented, attractive society?*

Two case areas were used: Vindafjord and Tysvær municipality in Rogaland county. The following legislation has been used: The Planning and Building Act (2008), the Public Health Act (2011), and guidelines from Rogaland county. Theoretical frameworks such as sustainable development, scale, endogenous, exogenous and neoendogenous development, strategic planning, participation, local development and community planning have been used. Data collection has taken place through semi-structured interviews from important people in the municipalities, document analysis of municipal plans and regional plans, as well as gathering information in the local environment.

Public health in the planning work is visible in both municipalities. There are similarities, both have health and care plans and public health is an important topic in the planning process, as well as focus on facilitating for people to take an interest in their own health, both preventatively and in nursing and care. In Vindafjord, the municipality will work with other municipalities and give people help to strengthen themselves. In Tysvær, a big focus is on what the municipality, in collaboration with the voluntary work within the municipality, can accomplish in terms of public health work.

Public health is used as a strategic field of action, both to strengthen people's health and to create attractive local communities. In practice, the work happens both from an exogenous standpoint, with incentives from for example the county, and an endogenous standpoint, with volunteer work and local initiative at the centre. Disagreements between these can create conflicts, which might be challenging, but may also create dialogue and innovation. A lot of it is neoendogenous, a mix of municipal or regional management and local involvement.

Based on this research, both municipalities will continue to focus on public health because it is required by law, but also because there is an interest in taking care of and attracting residents. With local interest to create good local communities, this topic will be central in the coming years.

Innhald

Forord.....	2
Samandrag.....	3
Abstract	4
Figuroversikt.....	9
1.0 Innleiing	10
2.0 Presentasjon av case-områda	12
2.1 Vindafjord kommune.....	13
2.1.1 Geografisk plassering	13
2.1.2 Demografi og befolkning	14
2.1.3 Næringsliv.....	16
2.1.4 Politisk samansetning.....	17
2.2 Tysvær kommune	17
2.2.1 Geografisk plassering	17
2.2.2 Demografi og befolkning	18
2.2.3 Næringsliv.....	20
2.2.4 Politisk samansetning.....	20
3.0 Lovverk, føringar og målsetjingar	21
3.1 Plan- og bygningslova	21
3.1.1 Kommunal planlegging	21
3.1.2 Medverknad	22
3.1.3 Berekraftig utvikling i kommunal planlegging.....	23
3.1.4 Folkehelse i plan- og bygningsloven.....	23
3.2 Folkehelseloven.....	24
3.3 Rogaland fylkeskommune	27
4.0 Teori.....	28
4.1 Berekraftig utvikling	28
4.2 Skala.....	30
4.2.1 Endogen utviklingsprosess	30
4.2.2 Eksogen utviklingsprosess	31
4.2.3 Neoendogen utviklingsprosess.....	31
4.3 Strategisk planlegging.....	32
4.3.1 Mixed scanning.....	33
4.4 Medverknad	34
4.5 Stadutvikling, marknadsføring og attraktive samfunn	36
4.6 Samfunnsplanlegging	37

4.7 Oppsummering.....	40
5.0 Metode	41
5.1 Intervju	41
5.1.1 Førebuing.....	42
5.1.2 Gjennomføring	42
5.1.3 Opptak og koding av intervju	44
5.2 Data-analyse.....	44
5.2.1 Ikkje-deltakande observasjon.....	45
5.3 Personvern, etikk og etiske betraktningar	46
5.3.1 Subjektivitet, objektivitet og gyldigheit av forskinga	46
6.0 Folkehelse på papiret i kommunal planlegging.....	49
6.1 Retningslinjer frå Rogaland fylkeskommune.....	50
6.1.1 Regionalplan for folkehelse i Rogaland	50
6.2 Vindafjord kommune.....	52
6.2.1 Helse- og omsorgsplan	52
6.2.2 Planstrategi.....	55
6.3 Tysvær kommune	56
6.3.1 Budsjett og handlingsplan for folkehelse	57
6.3.2 Planstrategi.....	58
6.3.4 Helse og meistring – plandokument.....	59
6.4 Konklusjon	60
7.0 Folkehelse som strategisk handlingsfelt, strategiske lokale tiltak	62
7.1 Vindafjord kommune.....	65
7.1.1 Endogen mobilisering.....	65
7.1.2 Eksogen mobilisering.....	66
7.1.3 Neoendogent.....	67
7.1.4 Lokal mediedekning.....	68
7.2 Tysvær kommune	69
7.2.1 Endogen mobilisering.....	69
7.2.2 Eksogen mobilisering.....	69
7.2.3 Neoendogent.....	70
7.2.4 Lokal mediedekning.....	72
7.5 Konklusjon	72
8.0 Konklusjon	74
Referanseliste.....	79
Appendix.....	82

Informasjonsskriv til informantar	82
Intervjuguide 1 – Politisk leiar Vindafjord kommune.....	84
Intervjuguide 2 – Kommunal leiar Vindafjord kommune.....	87
Intervjuguide 3 – Samfunnssjef Vindafjord kommune.....	90
Intervjuguide 4 – Politisk leiar Tysvær kommune	93
Intervjuguide 5 – Kommunal leiar Tysvær kommune	96
Intervjuguide 6 – Samfunnssjef Tysvær kommune	100
Oversikt – dokumentanalyse	103
Informantoversikt.....	104

Figuroversikt

Figur 1: Kart over nord-Rogaland, med omriss av kommunane Vindafjord og Tysvær. Kjelde: norgeskart.no	12
Figur 2: Kart med omriss av Vindafjord kommune. Kjelde: norgeskart.no	13
Figur 3: Befolkningspyramide for Vindafjord kommune, 2006. Kjelde: SSB	15
Figur 4: Befolkningspyramide for Vindafjord kommune, 2022. Kjelde: SSB	15
Figur 5: Befolkningsutvikling i alle 6 kommunane på Haugalandet (kommuneprofilen.no/befolkning).	16
Figur 6: Statistikk over sysselsettingssektorar i Vindafjord kommune, 2020. Kjelde: SSB.....	16
Figur 7: Kart med omriss av Tysvær kommune. Kjelde: norgeskart.no	17
Figur 8: Befolkningspyramide for Tysvær kommune, 2006. Kjelde: SSB.....	19
Figur 9: Befolkningspyramide for Tysvær kommune, 2022. Kjelde: SSB.....	19
Figur 10: Statistikk over sysselsettingssektorar i Tysvær kommune, 2020. Kjelde: SSB	20
Figur 11: Illustrasjon av systematisk tilnærming til folkehelsearbeid. Resultata av dette skal brukast som eit grunnlag for tiltak og planlegging som korresponderer med plan- og bygningsloven (Helse- og omsorgsdepartementet, 2011, s. 2).	24
Figur 12: Folkehelselova er samkøyrte med plan- og bygningsloven (kommunetorget.no)	26
Figur 13: Våpenskjold for Rogaland Fylkeskommune (rogfk.no)	27
Figur 14: Triangelet viser dei tre ulike berekraftige utviklingspunkta ein på tenke på i planlegging, og korleis dei innverkar på kvarandre (Campbell, 1996)	28
Figur 15: FN's tusenårs mål, som varte frå 2000 til 2015 (FN.no)	29
Figur 16: FN's berekraftsmål frå 2015 (FN.no)	29
Figur 17: Medverknadsstige, viser korleis medverknad fungerer på ulike innflytelsesnivå. Basert på Arnsteins Ladder of Citizen Participation frå 1969.....	35
Figur 18: Folkehelsearbeid som sektorovergripande arbeid. (Regionalplan for folkehelse i Rogaland, Rogaland Fylkeskommune, 2021)	51
Figur 19: Tankesky-bilete frå Vindafjord kommune sin Helse- og omsorgsplan 2020-2025. Dette viser kommunen sin tankegang rundt helse og omsorg, kva som er viktig, og kva som må setjast på agendaen.	53
Figur 20: Helse og trivsel - mål og strategiar i Tysvær kommune. (Helse og mestring 2020-2040. Tysvær kommune, 2020).....	60
Figur 21: Ølen Aktivitetspark, med 'Sjøperlo' i bakgrunnen (vindafjord.kommune.no).....	68
Figur 22: Kalender med det som skjer av aktivitetar, møter og arrangement i Grannar-distriktet (Grannar.no)	68
Figur 23: Badeanlegg på Tysværtunet (Haugesunds Avis, 2016)	71
Figur 24: Kinosal på Tysværtunet (scenerommet.no)	71
Figur 25: Kalender i Tysvær bygdeblad (Tysver-bygdeblad.no)	72
Figur 26: Tysvær Bygdeblad si folkehelsespalte (Tysver-bygdeblad.no).....	72

1.0 Innleiing

Folkehelse er eit tema som dei aller fleste ser på er som viktig. Til tross for dette finst det ikkje ein enkelt løysing og måte å gjere ting på best mogleg måte for å skape god, berekraftig folkehelse, både i nåtida og langsiktig. Det er viktig at den er berekraftig, nettopp fordi folkehelse alltid kjem til å vere eit viktig tema, uansett kva år vi lever i, og det er dermed nødvendig å skape gode ordningar og samfunn som både førebygger for framtida og brukas her og nå. Der det på statleg nivå blir lagt føringar på kva kommunane skal prioritere og må inkludere i sin planlegging, er det på kommunalt nivå at grunnarbeidet, førebygginga og helsetiltaka må gjerast. Temaet folkehelse finn vi også igjen i FNs berekraftsmål. Desse måla skal vere sentrale i planleggingsprosessar og vurderingar som skjer på alle plan i Norge, også i kommunane. I lokale settingar er det spesielt mål 3 – god helse og livskvalitet – som ofte blir ein av dei viktigaste måla å rette seg etter, fordi folkehelse angår oss alle, men også fordi det er ein av dei måla som er oppnåelege og gjennomførbare på eit kommunalt nivå. I eit land med ein aldrande befolkning, er både førebygging, behandling og tilrettelegging sentralt og høgst nødvendig. I 2011 kom det også ein eigen folkehelselov i Norge, som skulle legge føringar på kor mykje kommunar, fylkeskommunar og stat skulle måtte prioritere folkehelse.

I denne oppgåva vil eg ta føre meg folkehelse i to ulike kommunar, Vindafjord kommune og Tysvær kommune i Rogaland fylkeskommune, og sjå korleis mål 3 om god helse og livskvalitet blir prioritert og brukt i planlegging, men også korleis det blir sjåande ut i praksis. For å operasjonisere dette, har eg kome fram til desse forskingsspørsmåla for prosjektet:

- 1. Korleis blir FNs berekraftsmål 3 om god helse inkludert i planarbeidet på kommunenivå, i kommunane Vindafjord og Tysvær?*
- 2. Korleis mobiliserer og engasjerer kommunane omkring berekraftsmål 3, både internt og eksternt?*
- 3. På kva for ein måte formar folkehelse kommunanes strategiske visjon om eit framtidsretta, attraktivt samfunn?*

Desse spørsmåla vil eg bruke for å kunne analysere og diskutere korleis begge dei valde kommunane opererer i planlegging, korleis folkehelse i planarbeidet deira ser ut, og kva som blir gjennomført i praksis. Då er det også viktig å sjå på kva prosessar og engasjement som kjem frå lokalt hald, og kva som blir gjort som pålegg og føringar frå staten. Spørsmål 1 er basert på korleis berekraftsmål 3 og folkehelse blir lagt fram i planarbeidet og planane i kommunane, og kor fokuset ligg. Her skal eg sjå på kva som kommunane legg planar for å

gjere for å oppnå god helse, i alle fall på papiret. Spørsmål 2 er grunna i spenningsfeltet mellom det menneskebaserte og det stadsbaserte, som viser til eit konfliktfelt mellom overordna mål og strategiar som skal gjennomførast, og stadskonkrete tiltak som må baserast på lokale forhold (Pike, Rodríguez-Pose og Tomaney, 2017). Til slutt er spørsmål 3 tatt frå visjonane kommunane har om framtida, og korleis dei planlegg strategisk i forhold til å bli meir attraktive lokalsamfunn for større utvikling på både kort og lang sikt.

2.0 Presentasjon av case-områda



FIGUR 1: KART OVER NORD-ROGALAND, MED OMRISS AV KOMMUNANE VINDAFJORD OG TYSVÆR. KJELDE: NORGESKART.NO

Dei to case-områda valde for dette prosjektet er kommunane Vindafjord og Tysvær i Rogaland fylke. Dei er valde fordi dei har på mange måtar dei same forutsetningane i forhold til geografisk plassering, og er like på mange måtar når det kjem til forhold som sysselsetjing, busetjing, areal, næring og anna. Dei er også nabokommunar i same fylke, og er kjent for å vere større i areal utan å ha ein by, men heller tettstader der folk bur.

Figur 1 viser omriss av både Vindafjord kommune og Tysvær kommune, og ein ser kor mykje felles kommunegrensa desse to kommunane har. Ein ser også kor store dei begge er i areal, samanlikna med for eksempel Haugesund kommune, til tross for at det er Haugesund som har tettstad med bystatus. Heile grensa i nord er mot fylkesgrensa til Vestland fylke.


Det finst fleire ulike tematiske område som til saman presenterer begge desse kommunane kvar for seg. Først skal eg ta føre meg den geografiske plasseringa til begge kommunane, og korleis dei er oppbygde. Dette definerer området den ligg i og kva knute- og kryssingspunkt som finst som er viktige for resten av fylket. Vidare skal eg trekkje fram demografien, kor folk har busett seg internt i kommunane og viktigheita av både aldersfordeling og tettleik. Dette vil hjelpe oss å forstå kva samansetning som finst i kommunane, og dermed kan ein overføre dette til å forstå litt prioritering og tankegang. Så skal eg presentere næringslivet, kva folk sysselset seg med og korleis arbeidsplassane fordel seg på dei ulike sektorane innanfor næringslivet, med blant anna viktigheita av jordbruk og industri i begge kommunane. Deretter skal eg kort gjere greie for den politiske samansetninga i kommunane, og sjå på trendane over tid, om det har halde seg fast og stabilt med åra eller om den politiske situasjonen har vore skiftande over tid. Dette bidrar til ein større forståing av det politiske tankesettet,

prioriteringar og kva som er viktig for innbyggjarane. Til saman vil desse tematiske trekka i kommunane gjeve oss eit bilete på korleis kommunane er samansette og fungerer, og vil gi oss både bakgrunn til å forstå området betre, men også gi oss ein peikepinn på kva vi kan forvente av kommunane når det kjem til fokusområdet folkehelse, og kva omgrepet betyr for kommunane.

2.1 Vindafjord kommune

2.1.1 Geografisk plassering

Vindafjord kommune ligg heilt nord-aust i Rogaland fylke, med mange grenser til Vestland fylke både i aust og i nord (sjå figur 2). Kommunen er i stor grad ein gjennomfartskommune, i den grad at E134 går rett gjennom kommunen, frå grensa til Tysvær i sør-vest til Etne-grensa i nord-aust. E134 er ein av hovudvegane mellom aust og vest i Norge, den startar i Haugesund og går til Oslo. Den har også gode knytopunkt både nord og sør, med dagleg hurtigbåt nordover mot Sunnhordland og



FIGUR 2: KART MED OMRISS AV VINDAFJORD KOMMUNE.
KJELDE: NORGESKART.NO

Bergen frå Ølen, samt helgerute med hurtigbåt sørover til Stavanger frå Sandeid og Vikedal. I tillegg kan ein sjå at sjølv om kommunen er spreidd, er store delar innanfor grei pendleavstand til Haugesund. Frå kommunesenteret Ølen er det ca. ein times køyretid. Dette gjer det mogleg å bu meir landleg i kommunen, men fortsatt jobbe i byen. Sjølv om det er ein større kommune i areal enn for eksempel bykommunen Haugesund, består Vindafjord berre av bygder. Som ein kan sjå av kartet, er det også mykje fjord- og fjellareal i kommunen.

Dei noverande kommunegrensene kjem av kommunesamanslåinga i 2006, der dei slo seg saman med tidlegare Ølen kommune. Sistnemnde blei overført frå dåverande Hordaland fylke til Rogaland fylke i 2002, og ein kan sjå godt samarbeid på tvers av både kommune- og fylkesgrenser mot Etne i aust til tider.


2.1.2 Demografi og befolkning

Kommunen hadde per 3. kvartal 2022 8847 innbyggjarar, med ein befolkningstettleik på 15 innbyggjarar per km² (SSB, 2022b). Under halvparten av dei, berre 44% i 2021 (SSB, 2022b), bur i tettstadene. I denne samanhengen er ein tettstad definert som: «er uavhengig av fylkes- og kommunegrenser, og betegner et område der det bor minst 200 personer og der det (med noen unntak) ikke er mer enn 50 meter mellom husene (SSB, 2022)». Vindafjord kommune har ein ganske liten forventta utviklingsvekst, med forventta befolkning i 2050 som ligg på 8889 innbyggjarar, skarve 42 fleire innbyggjarar enn nå. Det er også færre fødte enn daude i kommunen, og det er innflytting til kommunen som gjer at befolkningstalet aukar litt. Statistikken på kor mange folk i kommunen som har trygg tilgang på rekreasjonsareal, var på 48% i 2020. Dette er under halvparten av befolkninga. Delen av folk som har tilgang på nærturterreng, er nesten lik med 43% i 2020 (SSB, 2022b).

Busetjingane i Vindafjord viser klart at det er ganske jamt busett langs fjordsidene der det er mogleg, då mest i tettstadene Sandeid og Vikedal ved Sandeidfjorden, Skjold innerst i Skjoldafjorden, samt Ølensvåg og i det som er administrasjonssenteret i kommunen, Ølensjøen, inst i Ølsfjorden (sjå figur 2).

I figur 3 og 4 ser vi befolkningspyramidar som viser aldersfordeling i kommunen (SSB.no/kommunefakta). Her ser vi forskjellen på demografien i 2006, då dagens kommunegrenser nettopp vart laga, og tala frå 2022. Det vi ser, er at blant anna i aldersgruppene mellom 20-39 år, som ofte definerast som «unge vaksne» og som er i den rette alderen for å busetje og etablere seg, har delen folk vakse sidan 2006. Generelt har aldersfordelinga jamna seg meir ut i 2022, men ein ser også at det er færre unge barn i 2022 enn det som var i 2006. Dette tyder på at fødselsraten går ned, noko som også er nemnd tidlegare. Den jamne aldersfordelinga kan også vere teikn på innflytting, der vaksne i ulike aldrar vel å busetje seg i Vindafjord kommune. Ein annan viktig detalj, er at det syner til å vere fleire menn enn kvinner jamt over, frå ung vaksen i 20-åra og fram til rundt 75-års alderen. Dette er kanskje ikkje så rart, ettersom forskning viser at det er eit større sannsyn for at kvinner flytter frå rurale strøk for utdanning og jobbsøking enn menn (Wessel og Turner,

2021, s. 4). Det løner seg dermed for damer å flytte frå bygda, og då er det naturleg at det viser igjen i demografien.




FIGUR 3: BEFOLKNINGSPYRAMIDE FOR VINDAFJORD KOMMUNE, 2006. KJELDE: SSB



FIGUR 4: BEFOLKNINGSPYRAMIDE FOR VINDAFJORD KOMMUNE, 2022. KJELDE: SSB

I tillegg til dette, ser vi på figur 5 at befolkningsutviklinga i Vindafjord er litt flatare samanlikna med nokre av dei andre kommunane på Haugalandet (der regionen Haugalandet er definert som kommunane Vindafjord, Tysvær, Bokn, Haugesund, Karmøy og Utsira, samt Sveio og Etne. Dei to sistnemnde blir ikkje tekne med akkurat her, ettersom dei ligg i Vestland fylke). Unntaka er Bokn, der det har vore ein litt ujamn utvikling, samt Utsira, som har hatt ein stort sett nedovergåande kurve. Vi ser også likskapar med Karmøy i første del av desse grafane, der utviklinga er forholdsvis flat samanlikna med for eksempel Haugesund og Tysvær. Relevansen med å samanlikne Vindafjord med resten av Haugalandet, grunnar i at det er i denne regionen det i stor grad skjer samarbeid på tvers av kommunane, og det også er her det er mest pendling mellom kommunane med tanke på arbeid.




FIGUR 5: BEFOLKNINGSUTVIKLING I ALLE 6 KOMMUNANE PÅ HAUGALANDET (KOMMUNEPROFILEN.NO/BEFOLKNING).

2.1.3 Næringsliv

Jordbruk er av stor betydning for Vindafjord, der 12% av arbeidsplassane i kommunen er primærnæringane. Det er også den fjerde største jordbrukskommunen i fylket, i areal. Alle dei andre ligg på Jæren, i den sørlege delen av fylket. I Vindafjord er det i stor grad husdyrhold som blir drive. Industri omfattar så mykje som 32% av arbeidsplassane i kommunen, då inkludert bygg- og anleggsverksemd og kraft- og vassforsyning. Dette blir dominert av verkstadindustri, då særleg bygging av skip og boreplattformer, samt maskinindustri. Det meste ligg i utrusting og reparasjon av oljeplattformer i Ølensvåg og Vikebygd.

Næringsmiddelindustrien er og stor del av industrien i Vindafjord, med 31% av all industriverksemd i kommunen. Dette inkluderer hovudkontoret av det største privateigde slakteriet i landet, Fatland AS, samt slakteriet Nortura Sandeid. I tillegg til dette finst det arbeidsplassar innanfor industri som nyttar seg av sand og grus frå kommunen, blant anna Ølen Betong. Figur 6 viser også korleis sysselsetjinga fordel seg i kommunen.

Statistikk frå 2021 viser at det var 1403 innbyggjarar som pendla ut av kommunen for jobb,



FIGUR 6: STATISTIKK OVER SYSSELSETTINGSSEKTORAR I VINDAFJORD KOMMUNE, 2020. KJELDE: SSB

ca. 29% av innbyggjarane hadde arbeid utanfor kommunen. Samtidig viser det også at det var 1716 personar som pendla inn til kommunen for jobb. Dette viser at det finst fleire attraktive arbeidsplassar i kommunen.

2.1.4 Politisk samansetning


Heilt sidan Ølen og Vindafjord kommune slo seg saman til nye Vindafjord kommune i 2006, har det vore ordførar frå Senterpartiet i kommunen, representert ved to ulike ordførarar.

Senterpartiet har alltid stått sterkt i Vindafjord, noko som er naturleg for ein landleg kommune med jordbruk. Akkurat kor stort prosentdel av stemmene partiet har fått, har variert litt frå eitt kommuneval til eit anna, men dei har alltid vore det største partiet, og dermed dei med mest innflytelse. Innbyggjarane må også vere tilfredse, sidan dette resultatet ikkje har endra seg sidan 2006. Dette tyder på at det som skjer politisk i kommunen, fungerer godt nok til at ein vesentleg del av befolkninga ikkje ønsker å bytte ut det som funkar.

2.2 Tysvær kommune

2.2.1 Geografisk plassering

Tysvær kommune ligg i den nordlege delen av Rogaland fylke, med fleire grenser til Rogaland, samt ei lita grense til Vestland fylke i nord mot Sveio. Som ein ser på figur 7, går hovudvegen mellom Stavanger og Bergen, E39, går gjennom kommunen i retning nord-sør, mens E134, som er del av hovudstrekningane mellom vest og aust og går frå Haugesund til Oslo, gjennom kommunen vest-aust. Kombinasjonen av E39 og E134 gjer kommunesenteret eit naturleg kryssingspunkt, og betyr at Tysvær kommune er ein viktig gjennomfartskommune både for ferdsel aust-vest og mellom dei største byane på vestlandet. Alt dette gjer at kommunen blir ganske sentral på Haugalandet. Her har også



FIGUR 7: KART MED OMRIS AV TYSVÆR KOMMUNE. KJELDE: NORGESKART.NO

kommunegrensene vore uendra sidan 1969. Frå kartet kan ein også sjå at sjølv om det er ein geografisk stor kommune, er store delar av busetjinga innanfor grei pendleavstand til Haugesund. Dette gjer det mogleg å kunne bu meir landleg, men fortsatt jobbe i byen. Det er ein større kommune i areal enn for eksempel bykommunen Haugesund, men av kartet kan ein sjå at det i stor grad består av fjord og litt fjell utanom tettstadene.


2.2.2 Demografi og befolkning

Folketalet i kommunen var i tredje kvartal av 2022 på 11 336 innbyggjarar, med befolkningstettleik på 28 innbyggjarar per km². Av alle innbyggjarane er 62% av dei busett i tettstader. Her er ein tettstad definert som: «er uavhengig av fylkes- og kommunegrenser, og betegner et område der det bor minst 200 personer og der det (med noen unntak) ikke er mer enn 50 meter mellom husene» (SSB, 2022). Den forventa befolkninga i 2050 ligg på 12 589 innbyggjarar, som er over 1200 fleire enn i dag. Dette viser at det er forventa ei auke i befolkningstal dei neste 25+ åra. Det finst også ein statistikk på kor mange i kommunen som har trygg tilgang på rekreasjonsareal og nærturterreng. I 2020 var det så mykje som 84% av innbyggjarane i kommunen som hadde tilgang på rekreasjonsareal, og 72% for nærturterreng. Dette fortel oss at tilgangen på uteareal til fritt bruk er ein prioritet for Tysvær kommune (SSB, 2022a).


Tysvær kommune sin busetnad viser klart at størstedelen av innbyggjarane blir trekte mot dei nordvestre delane av kommunen (sjå figur 7). Dette er då spesielt dei delane som ligg tett opptil grensa mot Haugesund kommune. Nærare 60 % av befolkninga bur her på «berre» 20% av kommunens areal. Noko av grunnen til dette, er nok fordi kommunesenteret Aksdal ligg i dette området, men også tilgangen og nærleiken til Haugesund, som i stor grad er ein bykommune i tillegg til næraste by for heile kommunen. Dette handlar også om at det finst mange arbeidsplassar i Haugesund-regionen.

Under ser vi befolkningspyramidar som viser aldersfordeling i kommunen (SSB.no/kommunefakta). På figur 8 og 9 ser vi forskjellen på demografien i 2006, og tala frå 2022. Året 2006 er vald utifrå at det er det mest logiske året for Vindafjord kommune, og dermed er det viktig med like parameter for begge kommunane. Den tydelegaste forskjellen frå 2006 til 2022, er at populasjonen som heilheit i kommunen har auka i alder. Det er mange fleire spesielt i aldersgruppene frå 60 år og oppover til og med 89 år. Dette trekkjer aldersgjennomsnittet opp i kommunen. Vi ser også same tendensar som i Vindafjord

kommune, ved at det er betydeleg færre unge vaksne i alderen 20-35 år, samt at i gruppa 20-24 år er det betydeleg færre kvinner enn menn i kommunen. Elles er fødselsraten jamnare mellom dei to åra enn det er i Vindafjord, der det er tilnærma null endring i Tysvær kommune.



FIGUR 8: BEFOLKNINGSPYRAMIDE FOR TYSVÆR KOMMUNE, 2006. KJELDE: SSB




FIGUR 9: BEFOLKNINGSPYRAMIDE FOR TYSVÆR KOMMUNE, 2022. KJELDE: SSB

Om vi ser tilbake på figur 5, ser vi at utviklinga for Tysvær generelt sett har vore stigande, jamt og trutt. Det er ein liknande kurde som vi ser i Haugesund, med unntak av at sistnemnde syner å ha flata meir ut dei siste åra enn Tysvær. Tysvær er nok den kommunen som har hatt jamnast vekst, der dei fleste andre kommunane har hatt ein litt meir bølgete og ujamn kurve.

2.2.3 Næringsliv

Primærnæringane utgjer ca. 4% av alle arbeidsplassane i kommunen. Her er jordbruk viktig, og så særleg husdyrhald. I Tysvær er heile 99% av jordbruksarealet nytta til grasproduksjon. Det blir også drive fiske i kommunen, samt fleire oppdrettsanlegg for laks og aure. Industri står for om lag 39% av arbeidsplassane i Tysvær, inkludert bygg- og anleggsverksemd, kraft- og vassforsyning og renovasjon. Den dominerande industrien her er verkstadindustri og bergverk (utvinning av petroleum), og det aller meste av industrien i kommunen er knytt til petroleumsutvinning, anten direkte eller indirekte. Tysvær kommune har Kårstø-anlegget, det største anlegget i Europa som driv med mottak, behandling og vidare transport av lettolje og gass. Kommunen også noko næringsmiddelindustri, blant anna trelastindustri og Rogaland Konserverfabrikk i Hervik. Figur 10 viser korleis sysselsetjinga fordeler seg i kommunen.

Det finst også mykje pendling i arbeidsmarknaden i kommunen, der 58% av yrkesaktive innbyggjarar jobbar utanfor kommunen. Det er også stor innpendling til Tysvær, der 47% av alle med arbeidsplass i kommunen er busette i andre kommunar. Mykje av arbeidsinnpendling kjem til Kårstø-anlegget.



FIGUR 10: STATISTIKK OVER SYSSELSETTINGSSEKTORAR I TYSVÆR KOMMUNE, 2020. KJELDE: SSB

2.2.4 Politisk samansetning

I dag har Tysvær kommune ordførar frå Arbeiderpartiet. Det har dei hatt sidan 2015. Før det var det Høyre som hadde ordførarposisjonen i kommunen mellom 2007 og 2015. Før det igjen var det ein annan Arbeidarparti-ordførar, som satt frå 1999. Det ser dermed ut som om den politiske lojaliteten i kommunen held seg stabilt i ein god periode, men etter kvart skjer det eit skifte. Om ein skal følgje historisk politikk, er det dermed usikkert kva som skjer i neste kommuneval, og ein ser klart at innbyggjarane gjev dei to valperiodar for å utrette noko. Dermed er det ikkje ein fast lojalitet hos alle, og ein ser at det er to av partia som har hatt mest makt på kvar si side av politikken på stortingsnivå som også får tilliten som ordførarar i kommunen.

3.0 Lovverk, føringar og målsetjingar

For å kunne forstå kvifor planar og oversiktar er oppbygd og fokusert slik dei er, må ein vite kva lovverk som ligg til grunn, og kva reglar og krav som må følgjast. Plan- og bygningslova tar for seg kva kommunal planlegging er, kva det inneber og spesifikt kva det må innehalde. Her ligg det ein del krav om ting som må vere med i ein kommuneplan og element som må ha ei prominent rolle. Folkehelsesloven inneheld krav til kommunen som institusjon og styringsnivå om kva for nokre folkehelse-relaterte komponentar som må vere ein del av planane for utvikling i kommunen. Rogaland fylkeskommune, som begge dei utvalde kommunane er ein del av, og som er eit styringsorgan i eit høgare nivå enn kommunane, har også element dei har bestemt eller har som målsetjing at skal vere ein del av alle kommunane innanfor deira område. Vidare skal det utgreiast og forklarast om dei ulike instansane.

3.1 Plan- og bygningslova

Lov om planlegging og byggesaksbehandling, som oftast kalla plan- og bygningsloven eller forkorta til PBL, blei vedtatt i 2008. Formålet med denne lovgivinga var å «fremme bærekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar» (Plan- og bygningsloven, 2008, §1-1). Vidare skal loven bidra til å organisere kommunale, regionale og statlege oppgåver, samt danne grunnlag som ulike ressursvern og vedtak kan basere seg på. Den skal skape ein mal planarbeid skal lagast etter, på bakgrunn av tanken om ei universell utforming som skal forenkle planprosessen, samt stille krav om omsyn, tilgjengelegheit og ivaretaking (§1-1).

Planar som følgjer denne lova, skal blant anna «sette mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklingen i kommuner og regioner, avklare samfunnsmessige behov og oppgaver, og angi hvordan oppgavene kan løses» (Plan- og bygningsloven, 2008, §3-1). Planarbeidet skal vidare fremja eit bilete av eit heilskapleg samfunn, ved at ulike interesser og sektorar sjåast i ein samanheng med samarbeid gjennom ulike sektorale nivå både offentleg og privat.

3.1.1 Kommunal planlegging

Innanfor plan- og bygningslova, er formålet med kommunal planlegging å legge til rette for løysingsorientering og utvikling gjennom arealforvaltning og naturressursverksamd internt i kommunen. Det er kommunestyret i den enkelte kommune som sjølv har ansvaret for den

lokale kommunale planlegginga, då gjennom å vedta ein kommunal planstrategi (som ofte legg fram hovudmåla og dei lange linjene dei har tenkt å følgje), ein kommuneplan og ein reguleringsplan (Plan- og bygningsloven, 2008, §3-3). Planstrategien skal bli utarbeida og vedtakast minst ein gong per valperiode, og seinast eitt år etter forminga av kommunestyret. Denne strategien bør innehalde ei utredning av kva strategiske val kommunen planlegg å gjere dei kommande åra, med tanke på faktorar som miljøutfordringar, samfunnsutvikling og framtidige planbehov i kommunen i den resterande valperioden. I arbeidet med denne planstrategien, vil også diskusjonen om kommuneplanen tas, om den gjeldande kommuneplanen skal reviderast eller berre vidareførast utan forandring (Plan- og bygningsloven, 2008, §10-1).

Før dette planarbeidet kan gå i gong, må det utarbeidast eit planprogram som legg grunnlaget for det som skal gjerast. Dette programmet skal gjere greie for kva planprosessen er, kva formålet med arbeidet er, kva som må gjerast for å skape rom for medverknad, samt kva behov som ligg inne med tanke på utredningar som må gjerast i planarbeidet. Dette forslaget til planprogrammet må deretter sendast ut på høyring (Plan- og bygningsloven, 2008, §4-1). Ved ettersyn skal også ein planskildring lagast om formål, rammer og retningslinjer. Ved planar som kan få sentrale ringverknadar på miljø og samfunn, må det også lagast ein konsekvensutredning som tar for seg korleis dei konkrete planane vil verke inn på samfunn og miljø (§4-2).

3.1.2 Medverknad

I alle planforslag som blir lagt fram, skal planforslagforfattar tilretteleggja for moglegheita for medverknad. Her har kommunen også eit særskilt ansvar for å passe på at alle grupper som blir påverka skal kunne få moglegheita til å uttrykkje seg på ein eller anna måte om dette (Plan- og bygningsloven, 2008, §5-1). I alle situasjonar, uavhengig av kven forslaget omhandlar, skal planforslaget sendast til alle rørte partar, samt liggje tilgjengeleg for alle som måtte ønskje å lese det. Dette er fordi alle skal kunne få lov til å sei si meining om forslaget. I alle planprosessar, både i offentlege og private organ, er det kommunen si oppgåve å passe på at kravet om medverknad er oppfylt, og spesielt legge til rette for at grupper som treng tilrettelegging for å kunne delta, får deltatt. I arbeidet med ein kommunal planstrategi bør kommunen også legge til rette for diskusjon og debatt i allmennheita, og vise til innspel som del av grunnlaget for når den blir endeleg behandla i kommunestyret. Det same skjer i

samfunnsdelen, der det skal tilretteleggja for medverknad frå både private og offentlege organ (§11-2).

3.1.3 Berekraftig utvikling i kommunal planlegging

Som tidlegare nemnt, skal PBL «fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar» (Plan- og bygningsloven, 2008, §1-1). Sjølv om omgrepet berekraftig utvikling ikkje blir nytta vidare i lova er det tydeleg, gjennom andre formuleringar om innhald i for eksempel samfunnsdelen av kommuneplanen, at det er eit overordna synspunkt som skal gjennomsyre heile prosessen. Kommuneplanen skal blant anna ivareta nasjonale mål og interesser (§11-1), og FN's berekraftsmål er ein forplikting staten og regjeringa har slutta seg til, saman med resten av verda, for å skape ei meir berekraftig verd. Det er også blitt bestemt at dei 17 måla skal danne det politiske hovudsporet for å finne tiltak til dei største utfordringane i vår tid, som er vidare uttrykt i ein seinare rapport, *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* frå 2019, der det er ein forventning om at måla leggst til grunn for kommuneplanane (Regjeringen.no, 2022). Då PBL kom i 2008, var ikkje dei 17 berekraftmåla laga ennå, og dermed er dei ikkje direkte nemnt i lova. Når det er sagt, i og med at kommunane skal ivareta nasjonale mål, og det er anslått at så mykje som to tredjedelar av dei 169 delmåla ikkje kan nås på statleg plan, men berre ved lokale prioriteringar og innsats (Regjeringen.no, 2022), vil det vere ein direkte vidareføring av statens mål og intensjonar, og dermed ein del av PBL. Samfunnsdelen av kommuneplanen skal også ta omsyn til og vurdere langsiktige utfordringar og mål i kommunen (§11-2).

3.1.4 Folkehelse i plan- og bygningsloven


Lova fremjar helse mange ulike stader, og det er tydeleg at det er viktig for ein god og berekraftig samfunnsutvikling. Kommunane skal blant anna «fremme befolkningens helse og motvirke sosiale helseforskjeller, samt bidra til å forebygge kriminalitet». (Plan- og bygningsloven, 2008, §3-1). Dette er direkte i tråd med folkehelseloven, som kom først i 2011. Vidare er kommunane også forplikta til å «fremme samfunnssikkerhet ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv.» (§3-1). Dette viser tydeleg til ikkje berre behandling av helseskadar, men også forebygging av helseproblem og -utfordringar ved å styrke samfunnssikkerheita og tilrettelegging. I

reguleringsplanar er det også krav om at visse samfunnsstenester skal vere på plass før andre utbyggingar kan ta plass, og her er helse- og omsorgstenester viktig. Det må vere etablert før det er lov å byggje ut eit nytt område (§12-7). Plan- og bygningsloven er også veldig streng på at dispensasjonar og midlertidige unntak frå lovverket, ikkje skal gå utover liv og helse (§20-9).

3.2 Folkehelseloven

I Norge finst det ei lov retta spesifikt mot folkehelsearbeid. Denne lova kom i 2011.

Folkehelselova i Norge, eller Lov om folkehelsearbeid, trådte i kraft 01.01.2012. Denne beskriv blant anna kommunens ansvar, miljøretta helsevern, fylkeskommunens ansvar, statens ansvar og korleis samarbeid, beredskap og kontroll skal innverke på det (Folkehelseloven, 2011). Lova blei innført for å vere sikre på at statlege helsemyndigheiter, fylkeskommunar og kommunar set i gong med ulike planar og konkrete tiltak som vil fremja folkehelsearbeidet på ein trygg og sikker måte. Målet er at desse ulike nivåa skal lage tilrettelegging for eit folkehelsearbeid som er berekraftig i lengda, og som fungerer systematisk over lang tid (Folkehelseloven, 2011, §1). Dette regelverket vil også gi kommunane pålegg om å systematisere deira folkehelsearbeid, og få oversikt over utfordringane den enkelte kommunen har knyta til folkehelse. Den systematiske tilnærminga kan sjå ut slik som vist på figuren nedanfor:




FIGUR 11: ILLUSTRASJON AV SYSTEMATISK TILNÆRMING TIL FOLKEHELSEARBEID. RESULTATA AV DETTE SKAL BRUKAST SOM EIT GRUNNLAG FOR TILTAK OG PLANLEGGING SOM KORRESPONDERER MED PLAN- OG BYGNINGSLOVEN (HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET, 2011, s. 2).

Ettersom kommunar skal utarbeida planstrategiar kvart fjerde år, skal også ein oversikt over folkehelseutfordringane som er blitt identifisert gjennom denne

tilnærminga, leggjast som eit grunnlag for kommunens planstrategi (Helse- og omsorgsdepartementet, 2011, s. 3). Kommunane skal også få hjelp og støtte til å identifisere kvar enkelte sine utfordringar knyta til folkehelse. Nasjonalt folkehelseinstitutt i Norge legg også ut folkehelseprofilar til alle kommunane årleg, som vil gje ei peikepinn på lokale faktorar ein bør vere obs på med tanke på helse. Desse er laga med ein visjon om å peike ut forhold som kan utviklast og endrast, for å kunne forbetre folkehelsa (Helse- og omsorgsdepartementet, 2011, s. 6).

Lova løftar fram fleire grunnleggjande prinsipp om folkehelsearbeid, dette inkluderer utjamning av sosiale helseforskjellar, berekraftig utvikling, medverknad og føre-var-prinsippet (Helse- og omsorgsdepartementet, 2011, s. 2). Lova gjeld for statlege myndigheiter, fylkeskommunar og kommunar (Folkehelseloven, 2011, §2), og er dermed høgst relevant i planleggingsprosessen av ein kommune. Formålet med folkehelselova, er å «bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse» (Folkehelseloven, 2011, §1). I lova blir folkehelse definert som: «befolkningens helsetilstand og hvordan helsen fordeler seg i en befolkning». Med folkehelsearbeid meines «samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, samt arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte påvirker helsen» (Folkehelseloven, 2011, §3). Etter Folkehelseloven (2011) §6 skal også ein oversikt over folkehelseutfordringane i kommunen vere eit grunnlag for planstrategien i ein planleggingsprosess i kommunen. Kommunen skal òg fastsetje overordna strategiar og mål for arbeidet med folkehelse som er eigna i møte med utfordringane dei står ovanfor, då med utgangspunkt i den oversikta som vart nemnt ovanfor. Krav om planlegging og definerte mål og strategiar finn vi igjen i plan- og bygningslova. I figur 12 ser vi korleis

folkehelseloven §6 er tett knyta til kommunens planstrategi:



FIGUR 12: FOLKEHELSELOVA ER SAMKØYRT MED PLAN- OG BYGNINGSLOVEN (KOMMUNETORGET.NO)

Under §7 av Folkehelseloven (2011) har kommunen også plikt til å gi ut informasjon og veileide befolkninga, samt gi ut råd til den enkelte innbyggjar, om kva ein kan gjere for å førebyggje sjukdom og fremja generell helse. Dette er fordi kommunen er lovpålagt å setje i gong tiltak som reknast som nødvendige for å kunne møte dei ulike folkehelseutfordringane dei møter på. Dette inkluderer tiltak tett knyta til fysiske og sosiale miljø, oppvekst- og levekårsforhold, skadar og rusmiddelbruk.


Ansvarer kommunen er pålagt, er å fremja folkehelse med dei ressursane og ulike verkemidlane dei disponerer. Dette er i største grad styrt av lokal forvaltning, utvikling, planlegging og service i form av ulike tenester. I dette er også eit ansvar i å tilretteleggja best mogleg for ulike samarbeid mellom kommunal og frivillig sektor (Folkehelseloven, 2011, §4). Kommunen har eit ansvar både til den enkelte person, men også til verksamheitar. Dei kan pålegge folk, bedrifter eller prosjekt å utreie moglege konsekvensar av det dei gjer, sett i eit helseperspektiv (Folkehelseloven, 2011, §11). I tråd med dette kan kommunen pålegge driftsansvarlege for verksamheiter ein plikt til å dele nødvendig informasjon rundt dette med kommunen (Folkehelseloven, 2011, §12). Frå før har kommunehelsetenestelova direkte lagt oppgåvene på helsetenesta i kommunen, men nå har ansvaret blitt løfta inn i alle sektorar av kommunen til å fremme folkehelse, med slagordet «helse i alt vi gjør» (Helse- og omsorgsdepartementet, 2011). Folkehelselova gir, kort og godt, føringar på korleis kommunar, fylkeskommunar og regionar skal tenke på og planlegge for folkehelse.

3.3 Rogaland fylkeskommune

Rogaland fylkeskommune kom i 2020 ut med ein utviklingsplan for Rogaland. Dette er ein offisiell regional planstrategi for fylket i perioden 2021-2024. Denne set mål og er retningsgivande for framtidig utvikling i alle delar av fylket. I denne planen blir FN's berekraftsmål lagt til grunn for arbeidet med utviklingsplanen. Rogaland fylkeskommune har sett seg fire utviklingsmål, der dei tre første er direkte organisert etter dei tre berekraftsdimensjonane (økonomisk, sosial, miljømessig berekraft). I den sosiale dimensjonen tar dei fatt i auka sosial ulikheit som direkte påverkar helse og deltaking i samfunnet (Rogaland Fylkeskommune, 2020, s. 7-9). Her har fylket sett 3 mål for eit helsefremjande og inkluderande samfunn (s. 12):

1. Redusere sosiale forskjeller i helse og samfunnsdeltakelse
2. Øke gjennomføring i videregående opplæring
3. Demokratisk deltaking og mangfoldig medborgerskap

Dette viser at dei tar helse på alvor, men også at det i stor grad er opp til kommunane å fremje god helse, og at fylket tar tak i meir overordna mål som famnar om rettferd og likeverd i sosiale system. Dette omfamnar også i stor grad psykisk helse og sosial berekraft meir enn den fysiske helsa, som er kommunens ansvar. Fylket ønsker å rette folkehelsearbeidet mot heile livsløpet, og gi alle god hjelp og ressursar til å kunne ta vare på si eiga helse igjennom alle fasar av livet (Rogaland Fylkeskommune, 2020, s. 23). Fylket vil også krevje at politikk og arbeid med folkehelse som omfamnar mangfaldige sektorar skal vere forankra i lokale kommunale planar. Rogaland har også laga ein handlingsplan for å fremje psykisk helse og førebygging av sjølv mord, som gjeld i perioden 2021-2028. Ein god del av tiltaka i denne handlingsplanen krevjar involvering på lokalt, kommunalt nivå, og er i aller største grad basert på førebygging i sosiale settingar og å skape trygge møteplassar i lokalsamfunnet. Dette kan ikkje styrast på fylkesnivå, og vil krevje jobb og planlegging frå kommunane (Rogaland Fylkeskommune, 2021).




FIGUR 13: VÅPENSKJOLD FOR
ROGALAND FYLKESKOMMUNE
(ROGFK.NO)

4.0 Teori

For å teke i bruk problemstillingane eg har laga, treng vi først eit teoretisk rammeverk. Her vil eg i første omgang ta for meg omgrepet berekraftig utvikling, fordi det er viktig for å forstå korleis ein skal oppnå god utvikling. Vidare vil eg greie ut om omgrepet skala og korleis endogen og eksogen utvikling er ulike. Dette er viktig for å forstå spenningsfeltet i folkehelse som forskingsfelt, på grunn av konflikten mellom det menneskebaserte og det stadsbaserte utviklingsfeltet og strategiane. Der folkehelse og berekraftig utvikling kan definerast som menneskebasert og universelt på grunn av statlege og verdslege måloppnåingar og retningslinjer, vil iverksetjinga av tiltak som forsterkar folkehelsa vere stadsbasert. Dette er grunna i at det krevst lokal mobilisering og handlekraftigheit. Etter dette vil strategisk planlegging presenterast, for å vite om ulike handlingsmåtar og kva lokalsamfunnet treng. Deretter vil medverknad og kvifor dette er viktig bli forklart, der medverknad er ein sentral del av lokal og kommunal strategisk planlegging og viktig for å inkludere innbyggjarstemmer i ein planleggingsprosess. Etter dette vil stadutvikling og marknadsføring av lokalsamfunn tas opp, fordi det er essensielt i kommunal planlegging å ha befolkningsvekst og god omtale i bakhovudet i ein kommunal planleggingsprosess, for å utvikle tiltrekkande lokalsamfunn. Sist, men ikkje minst, vil eg ta opp samfunnsplanlegging og korleis prosessane fungerer. Dette er viktig for å forstå kva som må vere med i ein kommunal planleggingsprosess, og kva som krevst frå eit lovverksperspektiv i kommunal planlegging. Til slutt vil eg knytte saman kvifor alt dette er kopla til forskinga.

4.1 Berekraftig utvikling

Berekraftig utvikling dukka først opp som eit omgrep i Brundtlandkommisjonen i 1987. Her blei det definert som «utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov" (FNs verdenskommisjon for miljø og utvikling, 1987). Etter dette har det blitt eit stadig meir populært omgrep som sirkulerer stort i dagens samfunn. Vidare la Campbell (1996) fram ein modell med tre perspektiv på korleis ein kan best planlegge for ein berekraftig utvikling i byar: sosialt,



FIGUR 14: TRIANGELET VISER DEI TRE ULIKE BEREKRAFTIGE UTVIKLINGSPUNKTA EIN PÅ TENKE PÅ I PLANLEGGING, OG KORLEIS DEI INNVERKAR PÅ KVARANDRE (CAMPBELL, 1996)

økonomisk og miljømessig. Han presenterte det som ein trekantmodell for å kunne visualisere dei ulike prioriteringane innanfor desse tre, som ofte står i konflikt med ein annan, og viser motsetningane som finst innanfor planlegging. I eit perfekt balansert samfunn vil dei ulike punkta byggje kvarandre opp, (for eksempel at auke i økonomisk vekst vil gi meir fleksibel økonomi til å rette opp i sosiale forskjellar), men det vil alltid vere slik at for å optimalisere ein av dei tre, må dei andre to «vike» og det vil alltid vere negative konsekvensar (for eksempel at økonomisk vekst vil i seg sjølv skape fleire sosiale ulikheitlar). Planleggjarar må klare å balansere alle dei tre interessene på ein god måte for å kunne forbetre og vidareutvikle økonomien, fordele ressursar og vekst på ein rettferdig måte, og passe på dei naturlege økosystema i denne prosessen. I veldig mange tilfelle blir to av desse nedprioritert til fordel for den eine, for å representere eitt bestemt mål (Campbell, 1996).

I år 2000 kom FN fram til åtte konkrete mål som skulle definere vegen vidare og retninga



utviklinga i verda skulle ta. Desse blei kalla tusenårsmåla, og skulle vare i 15 år. I 2015 kom FN med 17 berekraftsmål som skulle implementerast verda over og som skulle gjere det enklare å konkretisere dette med berekraftig utvikling på ulike nivå.

FIGUR 15: FNs TUSENÅRSMÅL, SOM VARTE FRÅ 2000 TIL 2015 (FN.NO)



FIGUR 16: FNs BEREKRAFTSMÅL FRÅ 2015 (FN.NO)

4.2 Skala

Skala som omgrep viser til ulike typar nivå av regionar av geografisk eller politisk type, som eit graderingssystem. Dei aller vanlegaste typane her er lokalt, regionalt og nasjonalt nivå, for eksempel kommune, fylke og stat. Vår oppfatning av ein stad er ulik ut i frå på kva plan ting blir gjennomført, og vil definere konteksten av ting som blir gjort (Saglie, Hofstad og Hanssen, 2015, s. 29). Dette er viktig å forstå i ein planleggingsprosess, og vite kven som har makta og bestemmelsesrettighetane på ein stad og i ein spesifikk prosess. Denne hierarkiske styringslogikken er sjølv kjernen som definerer planlegging, der den deler opp dei ulike nivåa som er regulerte av ulike, eigne lovverk, her Plan- og bygningslova. Skalaen bestemmer kven som har ansvaret for kva, der noko eignar seg best å styre frå øvste hald, er mykje overlata til dei enkelte kommunane. Dette gjeld då for eksempel kompakt byutvikling og behandling av ulike bruksareal (Saglie, Hofstad og Hanssen, 2015, s. 29-30). Skala heng også tett saman med menneskebasert og stadsbasert tilnærming til utvikling, der skala er viktig for dei ulike tilnærmingane. Menneskebasert har i stor grad fokus på universelle rettigheit, moglegheiter og tilnærmingar, der alt skal vere likt og rettferdig og alle skal ha like føresetnader for å lukkast med ting, ofte eksogene prosessar. Det tar som regel ikkje omsyn til lokale variasjonar og stader, og baserer seg på universelle problem og løysingar som skal styrke stadene frå eit statleg perspektiv. Stadsbasert har i større grad ei meir lokal tilnærming, der alt skal baserast rundt lokal kontekst og forhold. Dette er som oftast endogen, der det tar i bruk lokal mobilisering og ressursar, og ting blir bestemt ut i frå lokal historie, kontekst og program spesielt laga og retta mot kvar enkelt lokal stad (Pike, Rodríguez-Pose og Tomaney, 2017, s. 187-190).

4.2.1 Endogen utviklingsprosess

Endogene utviklingsprosessar er utvikling basert på lokalsamfunnet. Endogen betyr «å vekse innanfrå», altså å utvikle lokalsamfunnet i ei positiv retning med hjelp av og basert på kunnskap frå lokal kunnskap, ressursar, strategiar og institusjonar (Pike, Rodríguez-Pose og Tomaney, 2017, s. 206-208).

Omgrepet endogen viser til ein prosess, utvikling eller positiv vekst innanfrå. Det er eit omgrep som ofte er brukt saman med «bottom-up development» for å forklare korleis regional og lokal utvikling er, blir satt i gang og blir bære fram for det meste gjennom lokale firma og aktørar. Utviklinga er også basert på lokal kunnskap om området og befolkninga, og tufta på behova og måla til lokalbefolkninga. Det blir ikkje utelukka brukt lokale ressursar, men utviklinga er basert på lokale instansar og interesser. (Tödtling, 2009, s. 208-209). Endogen

områdeutvikling har teke til ved å vere ein motpol for den meir utanfrå tilnærminga som er eksogen prosess. Teorien blei utvikla som eit slags motargument på 60-70 talet då retningslinjer og politisk styring basert på eksterne faktorar og behov, samt attraktiviteten til ettertrakta internasjonale selskap og kunnskap derifrå, vart mislykka i dei lokale regionane. Dette blei også ein måte å sikre lokalsamfunnet, der tidlegare policy var fokusert på mobiliteten til arbeidarar og kapital mellom det som blei sett på som sterke og svake regionar økonomisk (Tödting, 2009, s. 208).

Ein av hovudgrunnane til at endogen prosess blei oppretta etter dette, var fordi statens teori om at fortanestene frå dette ville komme lokalsamfunnet til gode, såkalla «trickle-down-economy», i praksis endra lite og samfunnet ikkje hausta dei økonomiske fordelane dei blei «lova» ved denne strategien (Tödting, 2009, s. 209).

4.2.2 Eksogen utviklingsprosess

Eksogene utviklingsprosessar er utvikling basert på lovverk, handlingar og avtalar frå høgare hald. Eksogen betyr «noko som er utvikla utanfor systemet», altså noko som kjem frå utanfor lokalsamfunnet det påverkar (Pike, Rodríguez-Pose og Tomaney, 2017, s. 245-250).

Omgrepet er ofte brukt i same kontekst som «top-down development». Dette viser til eit konsept basert på at regional og lokal utvikling er best utforma og implementert frå toppen, og at sentral styring frå stat eller eksterne instansar er det som gir dei beste resultatane. Denne teorien legg til grunn at ytre faktorar som handel mellom regionar og mobilitet knyta til arbeidskraft og kapital er vitale i ein lokal utviklingsprosess, og at ovanifrå styring dermed knyt ting saman. (Tödting, 2009, s. 208-209). Denne ytre påverknadskrafta hjelper til med å trekke dei store linjene og sjå samanhangar for å skape ei felles positiv utvikling for samfunnet som ein heilheit, framfor det individuelle lokalsamfunnet. Tanken bak denne strategien er at ved å styre frå toppen og gi eit sett køyrereglar, vil kompetanse, økonomi og teknologi komme lokalbefolkninga til gode. Dette blir kalla «trickle-down-economy», altså at jobbar, kunnskap og økonomiske midlar frå rike bedrifter vil gi tilbake til dei lokalsamfunna der dei etablerer ein ny bransje (Tödting, 2009, s. 209).

4.2.3 Neoendogen utviklingsprosess

Omgrepet neoendogent er eigentleg samansett, og betyr i praksis ein kombinasjon av endogen og eksogen. Der endogent er lokalbasert og eksogent er sentralstyrt, vil neoendogent bety at det er ein overordna styringsprosess, men at lokalmiljøet er ein stor drivkraft og

kunnskapskjelde til utvikling og vekst av positive innslag som vil heve både økonomisk gevinst og levekår i lokalsamfunnet. I endogen prosess er entreprenørskap ein viktig part av utviklinga, mens i eksogen prosess er etablering og tilrettelegging for større regionale og internasjonale firma å kunne opne ein ny plass. Neoendogen utviklingsprosess vil seie at utvikling kjem av eit samspel mellom endogene og eksogene forhold (Bosworth *et al.*, 2016; DAMWAD, 2015, s. 8, 20; Shucksmith, 2010).

4.3 Strategisk planlegging

Strategisk planlegging er ein slags felles nemning på ein handfull framgangsmåtar som blir sett på som god planlegging innanfor offentleg verksemd og bedrifter. Omgrepet er sterkt knyta opp mot strategisk leiing og planlegging i organisasjonar, bedrifter og samfunn. (Amdam og Veggeland, 2011, s. 140). Strategisk planlegging som eit konsept blir brukt om systemet som ein heilheit, ikkje berre det strategiske leiarnivået. Det finnes ingen klar definisjon om omgrepet, men det finnes krav som bør oppfølgast for å kunne kalle det ein type strategisk samfunnsplanlegging. Det skal:

- Innehalde analyse av eige system (lokalsamfunn, organisering, etc), samt omgivnadane rundt.
- Innehalde mål og visjonar for kva som ønskes å oppnå med systemet lengre fram i tid
- Legge fram ulike framgangsmåtar for korleis desse måla skal nås.
- Arbeide med lange tidsperspektiv. Viktig å ha koplingar mellom langsiktig, kortsiktig, og mellomlange perspektiv.
- Gå føre seg kontinuerleg. Kan av praktiske grunnar vere delt inn i fasar på år eller endå lengre, også kalla rullerande planlegging.
- Kunne kople saman dei ulike tidsperspektiva i ulike tidsprosessar (Amdam og Veggeland, 2011, s. 140-141).

Formålet med strategisk planlegging i samfunn og organisasjonar, er å bli opplyst i saker med spesielt omsyn til deira omgivadar, den aktuelle situasjonen det er snakk om, og framtida. Ved å bruke dette grunnlaget kan ein setje seg ulike mål, gjere prioriteringar, samt peike ut innsatsområde som treng nærare oppfølging. Ein kan også bruke grunnlaget til å formulere strategiar for å nå måla ein har sett seg (Amdam og Veggeland, 2011, s. 142). Når ein brukar strategisk planlegging i offentleg sektor, blir det ein integral del av den politiske effekten. Ei stor utfordring med offentleg strategisk planlegging i kommunar og fylkeskommunar, er at dei

i aller største grad er fleksible og på ein syklus. Dette er fordi dei er tett knyta opp mot val av politiske leiarar, samt andre politiske prosessar som styrer administrativt (Amdam og Veggeland, 2011, s. 142-143).

4.3.1 Mixed scanning

Sjølv om det finst mange teoretiske typar planlegging, blir det i praktisk planleggingsarbeid brukt lite reine teoretiske modellar. Planleggarar vil heller ta i bruk det som passar av teoriar, og mikse dei på nye måtar. Den mest kjente kombinasjonsmodellen frå 70-talet er «mixed scanning» (Amdam og Veggeland, 2011, s. 137). Både strategisk planlegging og dagens planleggingssystem i norske kommunar og fylkeskommunar, har sterke røter i «mixed scanning» (Amdam og Veggeland, 2011, s. 139). «Mixed scanning» er ein kombinasjon av tre spesifikke typar planlegging:

- *Kontinuerleg og problemoppdagande planlegging*, der hovudfokuset er oversiktleg og langsiktig utvikling av kunnskap, mål og visjonar i ein kontinuerleg, lærande og overvakande planleggingsprosess.
- *Problemretta og instrumentell planleggingsinnsats*, retta inn mot fastslåtte utfordringar. Ein får ulike vegval, og må prøve å sjå konsekvensar av vala og ta avgjersler basert på satsingsområde.
- *Muddling through*, det vil seie å ta dei små utfordringane etter kvart som dei kjem, men blir fortsatt styrt av dei overordna vegvala eller måla som er sette, saman med instrumentale utredningar, som politikkanalyse, i saker der det er logisk. Dette kan vere tekniske problem, eller konfliktsaker (Amdam og Veggeland, 2011, s. 139).

Ved å bruke «mixed scanning» kan kommunane sjølv finne den beste arbeids- og meistringsmetoden, ut i frå kva dei har tilgjengeleg av ressursar, tid og kompetanse, samt gir dei moglegheita til å styre fritt og ha spelerom til å ta uventa problemstillingar når dei kjem. Det finst derimot også svake sider ved «mixed scanning». I teorien er det ganske enkelt: om det store problemet eller den store saka løyser seg, vil alle små problem og komplikasjonar ordne seg av seg sjølv. I praksis er dette litt vanskelegare enn på papiret. Akkurat som med for eksempel berekraftig utvikling, kan det vere konflikhtar mellom store og små utfordringar, og løysinga på store problem kan gje andre problem store komplikasjonar og nye vanskar. I tillegg er det uhyre vanskeleg å balansere det å føresei og førebyggje problema på førehand, med det å ta ting på sparket og ordne sakane når dei kjem.

4.4 Medverknad


Deltaking eller medverknad er eit konsept som handlar om korleis for eksempel innbyggjarar eller lokalbefolkning har ei stemme i prosessen, planlegginga og utviklinga av eksempelvis ein kommune. Dette er viktig for å sjå på korleis eller i kva grad innbyggjaranes interesser for berekraft er teke med (med atterhald om at dei har interesse for dette).

Det finst fleire ulike måtar å planleggja på som inkluderer ei form for medverknad, nokre av dei er partnerskap og 'deltaking og medverknad'. Sistnemnte her er ein del av det som blir kalla for «input-demokrati», det vil seie det tradisjonelle representative demokratiet, mens partnerskap er ofte nemnt som «output-demokrati», eit styringssystem basert på samstyring (Higdem, 2011, s. 33). Begge desse konseptane finn me i regional planleggingspraksis i Norge i dag, og nokre meiner at desse to er konsept som eksisterer side om side. Sjølv om ein har folkevalde, representative styringsorgan, er det viktig også med andre element som supplerer dei valde representantane, eit deltakande demokrati som legg til rette for ulike former for dialog, deltaking og medverknad (Higdem, 2011, s. 33-35). Dette er også ein del av plan- og bygningsloven, basert på ein tanke om likskap i levekår, utvikling og moglegheiter. Dette har midlertidig vist seg å ikkje alltid bli gjennomført, då manglande mobilisering førar til svak handlingsgrad som ikkje følgjer oppsett plan. Dette viser at sjølv dei best lagde planar, med all slags medverknad, innovasjon og berekraftsideologi, ikkje alltid blir sett ut i live (Higdem, 2011, s. 35). Dette kan ha fleire årsaker, anten det er økonomi, vilje eller handlingskraft.

Samstyring, eller governance, betyr ei forståing av ein endring i kven som har politisk autoritet, samt kor desse politiske avgjerslene blir tatt. Politiske organ tar ikkje lengre avgjerslene åleine, men i samstyring med andre aktørar i samfunnet, for eksempel i fleire nivå i offentleg sektor eller i samarbeid med private aktørar. I Norge er det ei føresetnad at offentleg sektor er ein del av samstyringa (Higdem, 2011, s. 37). Element som går igjen i forståinga av governance, er gjensidig avhengigheit, forhandlingar, interaksjon og spel mellom ulike aktørar med grunnlag basert i tillit. Dette er viktig for å beskrive korleis samstyring er eit partnerskap. Konseptet partnerskap får ein sjå brukt mykje meir i regional planlegging (fylkesnivå), men er også noko relevant på lokalt nivå (Higdem, 2011, s. 39). Samarbeid og samstyring bidrar til å legitimere prosessen rundt kommuneplanlegginga (Amdam, 2011, s. 59-60), og vil styrke følelsen av at både prosessen og planane er for alle, ikkje berre for nokre utvalde i kommunen. Planlegging skal vere ein prosess der ulike interesser blir sette opp mot kvarandre og diskutert, og plandokument skal vise til mange ulike meiningar som har kome saman til gode fellesplanar, som kan støttast av mange ulike aktørar.

Her er det også viktig å finne ein god balanse mellom aktørar utanfrå og interne drivkrefter (Amdam, 2011, s. 65-66). Medverknad er ein direkte endogen prosess i planlegging, og vitnar til lokal mobilisering og inkludering av innbyggjarar. Det viser til lokalt engasjement, og at endogene prosessar er med i prosessane, noko som er viktig.

Medverknad og deltaking har vore eit viktig element i norsk planlegging sidan 70-talet. Medverknad i planlegging bidreg til ei legitimering av prosessen, til ein viktig læringsprosess, og til auka grad av gjennomføring (Higdem, 2011, s. 43). Dette skapar også eit press på å gjennomføre det som er bestemt, og vurdere ulike scenarior før avgjerdsar blir tekne, i staden for å berre gjere det som har blitt gjort før og ta den enklaste vegen. «Medverknadsstigen» som vi ser i figur 17 kategoriserer og viser korleis ulike former for medverknad er rangert, der kvart trinn opp viser ein veksande innflytelse og ei omfordeling av makt. Denne kan brukast i ulike typar planleggingsprosessar, og tilpassast ut frå situasjonen. Den viser også korleis det er ein samanheng mellom offentlegheit og reell medverknadsmakt.



FIGUR 17: MEDVERKNADSSTIGE, VISER KORLEIS MEDVERKNAD FUNGERER PÅ ULIKE INNFLYTelsesnivå. BASERT PÅ ARNSTEINS LADDER OF CITIZEN PARTICIPATION FRÅ 1969.

Medverknad som innbyggjarinvolvering og deltaking i planprosessar, er ofte noko som skapar store spenningar mellom innbyggjarar og dei folkevalde forsamlingane. Dette til tross for stor aksept rundt konseptet medverknad og kva det vil tilføre. Diskusjonen er rundt dei folkevalde, som har blitt vald inn med faste standpunkt. Problemet oppstår når medverknad blir brukt på ein måte som direkte påverkar dei folkevalde, kanskje dei kjem til andre

slutningar enn kva dei er vald inn med, og dei folkevalde har siste myndigheit for eit vedtak. Diskusjonen rundt det går i hovudpunkt ut på desse direkte deltakingsformene, som blir kritisert for å vere uryddige, skape kaos i det politiske systemet, og at det berre er eliten og toppfolk som bruker deira deltakingsrett. Om den siste er rett, vil det bli ei overvekt av dei ressurssterke innbyggjarane sine interesser som blir bevart, medan dei folkevalde av prinsipp skal vere der for alle. Til tross for desse argumenta, er direkte deltaking i ulike reguleringsprosessar viktig for demokratiet og den demokratiske prosessen vi har rundt planlegging i Norge (Falleth og Hanssen, 2012, s. 190). I den nyaste versjonen av PBL frå 2008, er det eit punkt som gir innbyggjarane rett til å vere med. Dette er ein haldningsendring frå tidlegare versjonar, der innbyggjarane går frå å ikkje ha rettar i planprosessar, til å bli sett på som legitime aktørar i planlegginga og ein ressurs for heile prosessen. Ved å sette eit medverknadskrav i lova vil vi garantere for at direkte medverknad blir ein del av prosessen. Vi kan ikkje, derimot, garantere at alle blir høyrte, eller at deira synspunkt blir tekne med vidare (Falleth og Hanssen, 2012, s. 191).

4.5 Stadutvikling, marknadsføring og attraktive samfunn

Stad som konsept er både vidt og omdiskutert, men det grunnleggjande går i kva som gjer at ein stad blir til, og kva som gjer det til det det er. Stad er noko som er i konstant endring, det er aldri ferdigutvikla, og det er korleis ein opplever ein stad, altså sjølv identiteten til ein stad (Nyseth og Pløger, 2015, s. 47). Stad er viktig å forstå i ein planleggingsprosess, fordi ein stad er definert ut i frå både det materielle: objekt, bygningar osv., men også det immaterielle: blant anna menneskelege følelsar, rutinar og tilhøyring til ein bestemt plass (Nyseth og Pløger, 2015).

Stadutvikling defineres som: «helhetlig utvikling av et sted som har et navn, en identitet og en geografisk avgrensing» (Krane, 2020, s. 6). Vidare er arbeidet med utviklinga nærare definert som: «bredt anlagt samarbeid om både næringsmessig, sosiokulturell og fysisk videreutvikling av stedet med basis i lokale ressurser» (Krane, 2020, s. 6). Stadutvikling handlar i største grad om korleis lokalsamfunnet skal leggjast til rette for og utformast fysisk, med sentrale stikkord som tilgjengelegheit, kvalitet og nærleik (Distriktssenteret, 2023). Det handlar om å best mogleg legge til rette for attraktive arbeidsplassar, plassar å bu, tenestetilbod, kultur og fritid. Stadutvikling er ein kontinuerleg prosess som skapast av dei som bur der og dei som har makt, og ein kan ha store visjonar for korleis ein stad skal utvikle seg i næraste og fjernare framtid .

Marknadsføringa av ein stad er korleis vi har lyst til at andre skal oppfatte ein stad, om korleis vi vil at det skal sjå ut frå utsida. Det handlar om profilering av ein stad, kva er det vi vil at andre skal sjå, kva for inntrykk vil vi at dei skal sitte med. Eit godt eksempel her er ein miljøprofilering, altså ein stad som ønsker å vere gode på, og tydeleg vise fram kor flinke dei er til å fokusere på og legge til rette for ein god miljømessig berekraftig utvikling.

Marknadsføringa kan både vere retta mot alt utanfor ein stad, for eksempel alle utanfor ein kommune, som kan få eit godt inntrykk av denne staden utan å kanskje ha opplevd det. Dette kan rette seg inn mot både turisme og innflytting. Samtidig kan denne marknadsføringa også vere retta mot innbyggjarane i den bestemte kommunen, og korleis stadidentiteten til dei som bur der blir positivt påverka av denne profileringa av berekraftsmåla. Spørsmålet ein må stille seg er om dette berre er ein profilering eksternt, eller om det også blir ein profilering internt i planleggingsprosessane og blir ein naturleg inkludert faktor i planlegginga og den faktiske utviklinga av kommunen.

Korleis marknadsføringa blir gjennomført vil i stor grad bli påverka av dei store linjene i planane for stadutviklinga. Spesielt i mindre kommunar og plassar vil marknadsføringa peile seg inn på å skape attraktive lokalsamfunn, for å fortsetje og sikre ei positiv utvikling i folketal og økonomisk vekst (Sand, Carlsson og Haugum, 2016). Kommunane må gjere det attraktivt for spesielt unge vaksne å anten flytte dit, flytte heim etter ferdig studie og utforsking av verda, eller rett og slett aldri flytte ut, og berre bli i området der ein er oppvaksen. Her kan for eksempel fokus på tema som folkehelse vere viktige for å tiltrekke seg den yngre garde, som skal folkesetja samfunnet vidare. Nettopp derfor er ein klar visjon innan stadutviklinga ikkje berre nyttig, men også kanskje eit krav i lokalmiljøa, for å kunne skaffe innbyggjarar som kan vere med på å utvikle staden, og motverke eldrebølga som rår og vil forverre seg i mange kommunar rundt om i landet.

4.6 Samfunnsplanlegging

Kommunal planstrategi er eit verktøy som kommunane kan ta i bruk for å enklare kunne skape koplingar og kommunikasjon mellom planlegging og dei folkevalde i kommunen. Ideen bak dette er å gjere det lettare å involvere dei folkevalde i planleggingsprosessen, og legge ein plan for planlegginga, basert på kva type utfordringar kvar kommune har, og kva strategiske val som blir gjort for å vidareutvikle kommunen. Dette vart innført i revisjonen av plan- og bygningslova som kom i 2008, og førte med seg ordningar som direkte involverer seg i forbindelsen mellom det kommunale demokratiet og faglege vurderingar (Aarsæther og

Jakobsen, 2018, s. 53). Planstrategien er ein strategi på korleis ein skal løyse utfordringar kommunen har dei neste fire åra. Det er dermed ikkje ein plan i seg sjølv, men heller eit styringsdokument å rette seg etter. I tillegg fungerer det som ei oppdatering på korleis kommunen ligg an på ulike område innanfor samfunn og miljø. Planlegging internt i kommunane bør skje på grunnlag av denne oppdateringa. Dette gjer også at planstrategiane rundt om i landet varierer veldig, avhengig av politisk fleirtal, lokal kunnskap, kompetanse i planstaben, størrelse på kommunen, disponible ressursar og planarbeid som allereie er i gang, samt lokale forhold (Aarsæther og Jakobsen, 2018, s. 54-55). På grunn av at planstrategien er laga av politikarane i kommunen, kan ein tydeleg sjå at den er forankra i kva for nokre politiske parti som sit i kommunens styringsplattform. Dette viser at variasjonen i planstrategiane frå eitt val til det neste ikkje berre er på grunn av endring i behova i kommunen, men også kor politikken til dei partia som styrer kommunen, ligg. Dette var også eitt av måla med planstrategien, å kunne styrke den politiske styringa av planleggingsprosessane og oppgåver innover i kvar enkelt kommune (Aarsæther og Jakobsen, 2018, s. 53-55).

Planstrategien bør, etter plan- og bygningsloven:

«omfatte en drøfting av kommunens strategiske val knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorens virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden» (Plan- og bygningsloven, 2008, § 10-1).

Planstrategien skal danne eit grunnlag for den vidare planprosessen, men skal ikkje vere eit konkluderande dokument i seg sjølv, og skal ikkje vedta spesifikke mål og strategiar. Det skal vere eit drøftande dokument som legg fram kva for nokre utfordringar kommunen har. Mål, strategiar og langsiktige utfordringar skal først bli tatt opp i arbeidet med kommuneplanen, på bakgrunn av planstrategien. Det handlar i store trekk om å tenke langsiktig, kunne sjå trekk på tvers av ulike sektorar og styringsnivå, vere klimabevisst og miljø-retta, og kunne tenke seg til ulike direkte og indirekte årsaker og verknader som følgjer av ulike strategiar (Aarsæther og Jakobsen, 2018, s. 55-56).

Kommuneplanen skal bestå av ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen trekker opp dei store linjene i langsiktige mål, strategiar og utfordringar for kommunen og samfunnet i den som ein heilskapleg strategi. Arealdelen skal vere ein juridisk bindande avtale som framvisar korleis den framtidige samfunnsutviklinga og arealbruken heng saman, og skal i

tillegg strukturert vise fram planlagt utvikling av kommunens areal i kart (Saglie, Hofstad og Hanssen, 2015, s. 29).

Kommuneplanlegginga har to hovudelement: samfunnsplanlegging og verksemdplanlegging. Sistnemnde omhandlar planlegginga av produksjon innanfor kommunens eigen organisasjon, mens den første handlar om planlegging av kommunesamfunnet, med kommunen som ein av fleire viktige aktørar (Amdam, 2011, s. 59). Planlegging er viktig for å setje eit rammeverk å operere etter, og er ofte gjennomsyra av verdiane i lokaldemokratiet. I kommunal setting inngår plan- og utviklingsarbeidet ofte i regionale, nasjonale og internasjonale program, og dermed blir rammeverket for den kommunale planlegginga fastsett herifrå, og må vidare bestemast ut i frå desse sette rammene. Ting som inngår i større rammeverk kan vere folkehelse, stadutvikling, og utvikling av bygder og lokalsamfunn (Amdam, 2011, s. 65-67). Eit godt eksempel er nettopp folkehelse. Man har den nasjonale folkehelselova, regionale fylkeskrav eller -oversikter, og kommunale strategiar for korleis det skal utførast i kvar enkelt kommune.

Planleggingsprosessen har fleire ulike typar roller, der ei av dei er kartlegging. På eit strategisk nivå er formålet å orientere seg om korleis ting ser ut i kommunen per i dag, og korleis det vil sjå ut i framtida om dei følgjer dagens projeksjon. Dermed kan ein sette seg ein visjon og finne ut på kva for nokre område strategiar må endrast, og korleis dei skal endrast. For å kunne kartlegge må ein tolke ulike utviklingstrekk og utfordringar, innsjå korleis ting er nå, og drøfte på kva måte ting eventuelt må endrast, anten på lang eller kort sikt. Strategisk planlegging er viktig for å kunne peike ut dei store linjene i utviklinga, og å finne hovudutfordringane kommunen står ovanfor (Amdam, 2011, s. 67-68). Dersom den skal vere fungerande som ei rettesnor, må innhaldet vere på lik linje som dei vanlegaste synspunkta i samfunnet for kva som er eit velfungerande og godt samfunn. Det betyr at innbyggjarar må slutta opp om dei verdiane og visjonane som blir brukt som rettesnor for planlegginga. Ved å ta omsyn til denne i planlegginga, vil dette legitimere både prosessen og planen. Her er det store skilnadar i strategiar og meiningar avhengig av om det er press- eller uttynningskommunar. Førstnemnde er kommunar som er i vekst, og vil openbart prøve å utnytte den, samt styre i kva retning den veks. Uttynningskommunar derimot, er ofte kommunar som har null eller negativ tilvekst. Der er dei mykje meir opptekne av å ta vare på det dei har, og har ofte også fokus på strategiar som vil skapa potensiell tilvekst. I desse kommunane er det heller ikkje sikkert at alle planar blir følgt til punkt og prikke, ettersom dei

har lyst til å skape attraktive lokalsamfunn her og no, og ønsker å vere med i tida (Amdam, 2011, s. 74).

4.7 Oppsummering

I dei ulike elementa av teorien, finst det ein raud tråd som følges gjennom det stadsbaserte og det menneskebaserte. Dei ulike teoretiske elementa, som konfliktfeltet som er dei tre temaområda i berekraftig utvikling som ofte kan stå mot kvarandre og vere motsetjande løysingar på, synes å ha ulike formar for løysingar avhengig om ein ser på universelle måtar å gjere ting på (menneskebasert), eller om ein må ned på dei låge skalanivåa og finne lokale ordningar for å fikse store verdsproblem. Her ser me tydeleg koplinga tilbake til forskingsspørsmål 2 som omhandlar internt versus eksternt, og spørsmål 1 som tar for seg planarbeid spesifikt på kommunenivå. Her er også samfunnsplanlegginga godt representert, og vi ser at det trengs ei forståing av planleggingsprosessen og rammeverket sett på plass rundt det for å verkeleg skjønne korleis alt heng saman. I spørsmål 3 blir det fokus på strategisk visjon om attraktive samfunn, og også her er skala og bestemmelsesnivå viktige faktorar. Kva lokale innbyggjarar ønsker for framtida til kommunen, dei lokale røystene, versus kva staten eller fylket ønsker at kommunane skal utvikle seg til å bli, viser både viktigheita av medverknad i alle prosessar, men også polariseringa mellom marknadsføring frå det endogene og frå eksogene prosessar. Rommet som folkehelse som problemstilling opptar, er på veldig mange måtar eit tema som krev ein fot i kvar leir, og ikkje minst godt samarbeid mellom dei to for å kunne utrette gode, positive, berekraftige løysingar både for nær og fjern framtid.

5.0 Metode

I prosessen med å forske på berekraftsmål 3, som omhandlar god helse, i dei to utvalde kommunane, har eg brukt semi-strukturerte intervju for å prate med ulike individ med viktige roller i kommunane, samt data-analyse av både rapportar og planar spesifikke til dei enkelte kommunane, men også rettleiingar frå fylket, , nasjonale retningslinjer og lovverk. I tillegg til dette har eg aktivt følgt med i små og store engasjerande saker som kjem opp i kommunen, og som det kan vere ulike meiningar om. Desse har eg ofte oppdaga gjennom lokalavisene, og følgt vidare i avisa, på kommunen sine sider, og om den er stor nok, i digitale opptak av kommunestyremøte.

5.1 Intervju

Ein av datainnsamlings-metodane eg har brukt, er semi-strukturerte intervju. Dette er ein intervju-type som ofte blir brukt i kvalitative analysar (Gray, 2018a, s. 381), og som opnar for eit potensielt meir naturleg dialog-liknande intervju. Denne forma for intervju blei brukt fordi eit ustrukturert intervju utan førehandsdefinerte spørsmål fort kunne ha enda utan å få svar på det ein trengte. Det finst eit behov for å ha definerte ting å spørje om, som er vanskeleg å ta på sparket. Eg brukte heller ikkje fullt strukturert intervju, fordi eg ønska at samtalen skulle gå der intervjuobjekta ville, og prate delvis fritt om det dei hadde mest kunnskap om. Dette kan potensielt leie meg til interessante tema og observasjonar som eg ikkje har vore klar over tidlegare, og ting kan utdjupast meir enn det eg har kunnskap til å spørje om. Blandinga mellom behovet for spørsmål og fleksibiliteten til å la intervjuobjekt utgreie på sin måte, gjorde at semi-strukturert intervju blei den beste intervjumetoden.

Semi-strukturerte intervju kjenneteiknast ved at ein som intervjuar er førebudd og har med ei liste med spørsmål og tema, men er fleksibel og open om korleis dei blir brukt, og om alle spørsmål blir stilt. Dette skjer fordi spørsmåla ikkje blir stilt i oppsett rekkefølge, men blir stilt ettersom korleis samtalen utviklar seg. Det blir i tillegg også ofte spurt spørsmål som ikkje er planlagt på førehand, som kjem naturleg ut i frå kva retning samtalen tar. Alt dette tillèt intervjuobjekt å uttrykke deira meiningar og synspunkt, inkludert utgreiingar etter behov. Når dei får lov til å prate fritt, kjem det ofte mykje fram som intervjuar ikkje hadde tenkt på eller ikkje visste at var eit problem, ei konflikt, ei løysing osv. (Gray, 2018a, s. 381). Dette gir mykje god informasjon, og er spesielt viktig om dei blir spurt om ting innanfor deira eigne fagfelt, og dei får lov til å vise seg fram og informere om ting dei kan vere til stor hjelp med.

Dette hjelper også til å få eit breitt spekter av meiningar og å finne nye tema som kan vere særst relevante (Gray, 2018a, s. 381). Det finst også negative sider ved denne type intervju, som for eksempel at det er vanskelegare å anonymisere, samt at det ofte blir lengre intervju enn for eksempel fullt strukturerte intervju. Mykje prating fører også til mykje etterarbeid, der analyse og koding i etterkant blir ein mykje større jobb når ein må filtrere alt som ikkje er relevant for oppgåva for å finne data som kan vise seg å bli nyttig. Det blir ofte også mykje fleire indirekte svar om folk får prate fritt, enn om dei blir bedt om meir strukturerte, ofte kortare svar (Gray, 2018a, s. 382).

5.1.1 Førebuing

I førebuinga av intervju blei det laga intervjuguidar tilpassa kvart enkelt intervju. Ein intervjuguide er ei liste med spørsmål eller tema ein ønsker å ta opp, og er i stor grad laga med tanke på fleksibilitet i møte med intervjuobjektet. Ein må vere førebudd på å gå fram og tilbake i guiden, stille oppfølgingsspørsmål og komme med nye spørsmål spontant i løpet av intervjuet (Dunn, 2016, s. 152-153). Desse intervjuguidane vart laga utifrå kva eg ønskte å få svar på, kva eg trudde eg kunne få svar på av denne personen med den spesifikke rolla dei hadde, i den utvalde kommunen. Spørsmåla var forholdsvis like til like roller i kommunen, men vart skreddarsydd til kommunen det var snakk om, kva dei er opptekne av og kva dei jobbar meir spesifikt med.

5.1.2 Gjennomføring

I gjennomføringa av dei forskjellige intervju vart det litt variasjon i korleis intervjuguidane blei brukte. Sjølv om det blei laga intervjuguidar til alle, strukturerte med tema, underpunkt og oppfølgingsspørsmål, blei ingen av dei brukt slavisk. Nokre intervju var meir strukturerte enn andre, men alle vart i nokon grad overlata til samtalen. I nokre av intervju gjekk det ganske rett etter guiden, og det vart eit veldig spørsmål-og-svar intervju. Andre intervju vart til lengre samtalar, og intervjuguiden blei brukt meir som ein måte å styre samtalen over på tema som var relevante. Spørsmåla blei heller aldri stilt i kronologisk rekkefølge etter guiden, men det blei hoppa litt fram og tilbake etter kva som passa inn i samtalen til ein kvar tid. Ikkje alle spørsmål vart stilte heller, mykje grunna at dei blei svart på i samanheng med eit anna spørsmål eller temaskifte. Dette kan også ha ein relevans for korleis intervjuobjekta valde å formulere seg, og korleis dei svarte på spørsmåla. Noko anna som også gjekk igjen, var at det

kom mange oppfølgingsspørsmål eller spørsmål som ikkje var planlagde frå meg som intervjuar. Noko av grunnen til dette var fordi eg ikkje hadde tenkt langt nok fram til at det kunne vere relevant, andre ting var i samanheng med ting dei sa som eg ville få utdjupa meir eller få ein annan forklaring på. Det kom også ein del uoppfordra undertema og lokale eksempel på ting, som dei kom med sjølve som følgje av andre spørsmål som blei stilt. Sjølv om mykje av det ikkje var direkte relevant, hjalp dette ofte i stor grad prosessen med å komme på andre, særst nyttige spørsmål, samt å få dei til å prate fritt og følge tankegangen vidare til meir relevante ting. Målet var at spørsmåla skulle vere opne nok til å få dei i gong med å prate, men innsnevra nok til å få svar på det eg lurte på. Dette var til tider utfordrande, ettersom altfor tronge spørsmål kan oppfattast som leiande spørsmål, men samtidig må dei somme gonger vere såpass direkte for å kunne få eit definert svar. Mange spørsmål vart stilt til alle eg intervjuar, delvis fordi eg var usikker på kven som kunne svara best på dei, og det vart dermed nokre spørsmål som anten vart prata rundt utan å få konkrete svar, eller berre direkte vist til den eller dei som eventuelt kunne hjelpe meg å svare på det.

I eitt av intervjuar fekk eg prate med to personar på ein gong, i same intervju. Dette vart eit særst nyttig intervju, der dei fekk spele mykje på kvarandre. Dette hadde både med at dei jobbar mykje ilag i kommunen, men også at det var litt ulike område dei var best på, og kunne enkelt vise til kvarandre sitt arbeid. Dei høyrte også på kva dei eine sa, og fortsette samtalen der den andre slapp, ofte med ny kunnskap knyta til deira fagfelt. Dette gjorde at det vart veldig mykje ein samtale mellom dei to, og det blei stilt færre spørsmål frå mi side enn med dei andre. Dette var ikkje planlagt på førehand, men vart veldig nyttig i etterkant.

Ein ting som blei oppdaga rimeleg fort i fleire av intervjuar, var at nokre av intervjuobjekta var vande med å prate for seg og si sak, og snakke mykje med mange lokale eksempel for å få fram sine synspunkt. Andre var veldig tydeleg meir vande med å fatte seg kort og konsist, mogleg også skriftleg, og vart dermed ofte kortare intervju som heldt seg meir til tema og definerte ting meir tydeleg. Dette varierte i stor grad etter kva rolle intervjuobjekta har til vanleg, og korleis dei er vande med å kommunisere sine punkt på.

Eg hadde til saman 7 informantar, fordelt på dei to kommunane. Desse informantane blei valde ut i frå at dei heldt relevante stillingar internt i kommunane for meg å intervjuar, og blei plukka ut fordi dei sit med mykje kunnskap, makt og innverknad i deira posisjon i kommunen. Eg var påpasseleg med å velje informantar med dei same stillingane i begge kommunane, for å kunne halde det mest mogleg konsist. I ein av kommunane fekk eg ein ekstra informant som blei med på eitt av intervjuar med ein av dei andre, og dette var også veldig nyttig.

5.1.3 Opptak og koding av intervju

For å kunne halde ein så naturleg og flytande samtale som mogleg, valde eg å ta opptak av intervjuet. Då kan eg samstundes lytte til det i ettertid, og eg er sikker på at eg får med meg alt som blir sagt. Eg spurde kvar enkelt før eg begynte intervjuet om det var greitt for dei at eg tok opptak, forklarte dei sikkerheit og personvern rundt lagring og kven som får tilgang, kva som kunne sporast tilbake til dei, kva det skulle brukast til og kor lenge eg hadde tenkt å behalde opptaket. Alle aksepterte at det blei tatt opptak, men nokre av dei var naturleg nok interesserte i å vite korleis eg hadde tenkt å bruke det, og ville passe på at det ikkje blei lagt ut nokon plass.

I etterkant av intervjuet blei kvart opptak transkribert ganske bokstavrett, for å passe på å få med meg alt som var viktig. Det blei også tatt små notat med penn og papir i løpet av intervjuet, om det var nokre ting dei påpeikte spesielt at var viktig eller ting eg måtte få med meg. Dette kan både hjelpe med koding og å finne fram seinare under analyse, men også under intervjuet, for å hjelpe med å formulere og hugse oppfølgings spørsmål som kjem opp i situasjonen. Notat-taking er i tillegg ein type ikkje-verbal haldning som hjelp intervjuet, ved at intervjuobjektet får ein følelse av at dei har sagt noko viktig eller relevant (Dunn, 2016, s. 392). Rett etter intervjuet var ferdig satt eg meg også ned og skreiv ned for hand det viktigaste eg kunne kome på frå intervjuet og dei store linjene, for å få førsteintrykka ned på papiret mens det fortsatt var friskt i minne. Sjølv om ein ikkje får med seg alle detaljar på denne måten, er det ein god måte å notere ned følelsar, kroppsspråk, tonefall og ladde tema, samt dei overordna poenga, på ein anna måte enn seinare, når du berre har eit opptak å forhalda deg til.

Poenget med koding i kvantitativ forskning er å redusere mengda data ein jobbar med, filtrere ut det som ikkje er relevant, og organisere det som er relevant inn i grupper eller tema, for å gjere det enklare å finne tilbake til ulike delar av informasjon. Ved å kode intervjuet vil ein også få ein slags rå-analyse, der ein kan få eit overblikk over dei store linjene og i kva retning forskinga peiker (Cope, 2016, s. 377). Dette har vore viktig under forskinga, ettersom dei fulle transkripsjonane er mykje materiale, og der ikkje alt er like relevant.

5.2 Data-analyse

Data-analyse er i hovudsak analyse av all data ein har samla inn eller bruker på ein eller anna måte. Det er prosessen der ein bruker logiske eller statistiske teknikkar systematisk for å gjengjeve eller evaluere ulike former for data. Det er ein god måte å sortere irrelevante data

frå det som er nyttig (Shamoo og Resnik, 2003). Dokument-analyse er ein form for kvalitativ forskning der systematikk blir brukt for å analysere dokument som er relevante for å kunne dokumentere og svare på spesifikke forskingsspørsmål (Gross, 2018, s. 545). Det har blitt gjort data-analyse i form av dokument-analyse av begge kommunane sine kommuneplanar, planstrategiane deira for dei kommande åra, og andre viktige plandokument som skildrar statusen for kor kommunane er nå, og kva planar og visjonar som finst for framtida. Då kan ein sette resultatane frå Vindafjord og Tysvær kommune opp mot dei overordna trendane som går føre seg no, og dei førespegla trendane i framtida, og sjå korleis dei måler opp til samanlikning. Dokument-analyse har i stor grad også vore ein viktig kjelde for informasjon og data om begge kommunane, korleis dei jobbar og kva som er tankegangen bak ting. Offentlege statistikk har også blitt brukt og trekt inn i analyse.

Det har også blitt gjort mini- datainnsamling i form av avisartiklar frå lokalavisene, som ofte viser meg til faktiske saker som blir omtalt på kommunen sine heimesider. Lokalaviser blir også brukt av kommunane som ein «uoffisiell» kanal for å anten informera, men ofte skryta av kva dei har gjort med det eine eller det andre. Interessante resultat blir også ofte rapporterte i lokale avisnyheiter. I tillegg er lokalaviser ofte hovudkjelda for å få ut informasjon om ting som skjer i kommunane, både i regi av kommunen og innbyggjarane.

5.2.1 Ikkje-deltakande observasjon

Ein viktig del av det å studere to kommunar, er å følgje med på kva som hender i kommunane. Ettersom vi lever i ei stadig meir digital verd, er nå kommunestyremøta tatt opp digitalt og tilgjengeleg for publikum på internett. Der kan ein gå inn og anten sjå heile møtet, eller berre følgje med på sakane som er interessante og relevante. Spørsmålet er om bruken av desse opptaka i forskinga eg gjer no, ein type ikkje-deltakande observasjon?

Kva er så ikkje-deltakande observasjon? Det er ein forskingsmetode der forskaren observerer subjekta av studie, utan å aktivt delta eller forstyrre situasjonen, men subjekta skal vere klar over observasjonen (Encyclopedia.com, 2022; Gray, 2018b, s. 406). Observasjon er meir enn å berre samle inn «harde fakta», det er ein kombinasjon av oppfatningsevne og bruk av sansar (som for eksempel lyd, visuelt og lukt) for å samle inn data. Dette kan vere positivt for å forstå ein større situasjon betre enn ein meir rigid intervjusituasjon. Noko som er negativt, er at forskaren sannsynlegvis alltid vil gå inn i det på leit etter visse ting, haldningar eller reaksjonar, og resultatane vil dermed alltid vere basert på kva ein som forskar leiter etter, og

basert på det oppdagar og innhentar av informasjon (Gray, 2018b, s. 407). Det andre negative med denne metoden, er at folk kan oppføre seg annleis når dei veit at dei blir halde auge med. Bruk av video-opptak i sånne situasjonar kan vere til hjelp, men vil også sannsynlegvis endre korleis folk oppfører seg når dei er klar over at nokon observerer dei (Encyclopedia.com, 2022). Dermed kan ein argumentere for at digitale opptak av kommunestyremøta ikkje er ikkje-deltakande observasjon, fordi eg personleg ikkje er i rommet og observerer dei. Eg som forskar er ikkje til stades, så eg kan ikkje påverke dei i nokon grad, bevisst eller ubevisst. Det blir heller ikkje gjort videoopptak av salen med tilskodarar, det er berre talarstolen og ordstyrar som blir filma. Dette gjer at forskar ikkje får sett kroppsspråk og ansiktsuttrykk i salen. Samtidig vil eg argumentere for at det til ein viss grad er ikkje-deltakande, fordi det blir gjort opptak som blir lagt ut på internett for alle å finne, og at folk kanskje beherskar seg litt meir på grunn av dette. Sjølv om dei ikkje blir med på film, vil ein fortsett høyre stemmer og spørsmål. Hadde eg vore i salen under møtet, ville det fortsett ikkje vere skikkeleg ikkje-deltakande observasjon, fordi eg hadde vore ein i mengda, og ikkje vore «presentert» som forskar og observatør. Eg hadde blitt sett på som alle andre i salen, interessentar av sakane og møtet.

5.3 Personvern, etikk og etiske betraktningar

Personvern og anonymitet er utfordrande i små kommunar, fordi det ofte berre er ein enkelt person som passer til kvar tittel eller rolle. Dermed kan ein ikkje vere spesifikk på det i rapportering, og roller blir vage. I små kommunar er det også lettare at «alle» kjenner til dei som hadde vore naturleg å prate med, dermed er det avgrensa kor mykje det er mogleg å anonymisere intervjuobjekt. På grunn av dette er det endå viktigare at det er i fokus ved behandling av innhenta data, for å kunne få folk til å stille til intervju. Informert samtykke er også viktig her, både med kva data som blir samla inn blir brukt til, kor det blir lagra og kor mykje personvern og anonymitet er rundt det. I samanheng med dette er det også viktig å informere at dei kan trekkje samtykket når som helst i løpet av studien (Gray, 2018a, s. 557).

5.3.1 Subjektivitet, objektivitet og gyldigheit av forkinga

Det å vere objektiv refererer til det å vere upåverka av eigne meiningar, følelsar eller personlege eigenskapar i møte med forking og forskingsprosjekt (Hay, 2016, s. 448). I kontrast til dette finst det subjektivitet, som refererer til personlege meiningar, ressursar og

eigenskapar som blir innlemma i forskingsprosjekt, anten bevisst eller ubevisst (Hay, 2016, s. 456). I forskning prøver ein ofte å vere så objektiv som mogleg, for å få dei mest nøytrale og korrekte resultata, men i praksis er det nesten umogleg å vere hundre prosent objektiv. Alt ein har opplevd, lest og bryr seg om vil påverke forskning, uansett kor hardt ein prøver, men som oftast går det fint så lenge ein er klar over det og reflekterer over korleis det kan påverke både gjennomføring og tolking av forskingsprosjekt.

Eg som forskar er personleg knyta til Vindafjord kommune, det er her eg har vakse opp. Dette vil gjere ein fullstendig objektivitet utfordrande, fordi det er mitt område. Eg har ein god del bakgrunnskunnskapar i dette området, og har kanskje i større grad enn antatt allereie gjort opp ei meining om korleis ting fungerer og kva som skjer. Det er dermed vanskeleg å unngå ein viss grad av subjektivitet. I kvalitativ forskning er det vanskeleg uansett, på grunn av menneskeleg interaksjon i form av intervju (Dowling, 2016, s. 39). Her er det rom for error begge veier, både i form av eit mindre kritisk blick til heimkommunen min, men frykta for å ikkje være kritisk nok kan også gjere at eg overkompenserer og ser med eit meir kritisk blick på Vindafjord enn Tysvær kommune. Dette er ein problemstilling eg som forskar må være observant på og ha i bakhovudet i alle ledd i forskinga mi.

Rolla min som «insider» vil gi meg fordelar når eg skal kontakte og prate med folk i kommunane, då spesielt i Vindafjord, men også i Tysvær vil det vere ein fordel å vere oppvakse i nærleiken. Eg kjenner distriktet, og det at eg er lokal kan gjere at mange vil opne opp til meg og er villig til å dele med meg som forskar, fordi eg er interessert i kommunen og utviklinga vidare i større grad enn personar som hadde kome utanfrå og skulle forske i eit ukjent område utan vidare tilknytning. Rolla som «insider» vil også bety at folk er meir opne for å prate litt fritt om saker, og fordi ein er oppvaksen i lokalkulturen kan folk vere komfortabel med å snakke i ein lokal kontekst om lokalsaker som ein «outsider» kanskje ikkje ville forstått i ein kontekstuell samanheng (Dowling, 2016, s. 39-40).

Ved å vere lokalkjent, men fråflytta som student, er eg også eit prospekt som tilflyttar eller tilbakeflyttar om ikkje altfor lenge. Noko av det som blir sagt i intervju må bli tatt med ei klype salt, fordi dei nok gjerne skulle ønska at eg vende tilbake til røtene mine og flytte heimatt til området eller distriktet. Dermed blir nok litt av det som blir sagt skrytt litt ekstra av, sidan eg er idealalder for kven dei vil ha som tilflyttarar for å nedkjempe fråflyttinga som skjer på bygdene. Dette la eg merke til i alle intervju, men spesielt dei eg prata med som representerte den meir politiske sida av kommunen, som gjerne spurte meg om eg hadde tenkt å vende heim etter enda studium. Eg må også tenke på, i prosessen med å analysere intervju,

at det finst moglegheiter for at dei har fortalt meg det dei trur eg har lyst til å høyre eller det dei vil at min konklusjon skal vere, og at ikkje alt er fullt så svart-kvitt eller fint som det blir framstilt, men heller meir nyansert enn det blei presentert som.

Eit anna problem som kan oppstå i desse samanhengane, er definisjonsproblem. Om dei som pratar ikkje har den same definisjonen eller oppfatninga av eit omgrep vil det i stor grad spele inn korleis ting blir svara på, og det kan oppstå mykje miskommunikasjon og misforståingar. Svært godt brukte omgrep som «berekraft» og «medverknad», samt definisjonsspørsmål om kva som for eksempel er definert som «god sosial berekraft», gjer at sjølv dei lengste, omfattande svara kan ha minst to ulike tydingar avhengig av eksakt definisjon og kontekst. Dette vil gjere analyse krevjande, og er noko som kunne ha både blitt kommunisert tydelegare av intervjuar og blitt spurt om å definerast av intervjuobjekt.

6.0 Folkehelse på papiret i kommunal planlegging

I følge Folkehelseloven (2011) §6 er kommunane nøydde til å bruke ei folkehelseoversikt som del av grunnlaget for planstrategien deira. Dei må bruke helseutfordringar kommunen står ovanfor som ei rettesnor for kva for nokre områder dei skal fokusere på. Helse- og omsorgsdepartementet (2011) har gitt kommunane eit meir spesifikt ansvar for å løfta folkehelse inn i alle sektorar, og det blei innført med bruk av slagordet «helse i alt vi gjør».

I Rogaland fylkeskommune har det blitt laga egne retningslinjer for fylket, med tittelen «Regionalplan for folkehelse» (Rogaland Fylkeskommune, 2012). Dette er retningslinjer kommunane skal følge, samt hente inspirasjon frå for korleis å gjere det på kommunenivå. Her blir det lagt opp til å ha eit framståande folkehelse-perspektiv, og ei forventning om at kommunane tek dette med i deira oppbygging av planar.

I denne delen av oppgåva skal vi sjå nærmare på korleis dei to kommunane definerer spesifikke område og tiltak for folkehelse i kommuneplanane, planstrategien, helseplanen og andre plandokument. Vi skal først sjå på Vindafjord og Tysvær kvar for seg, og sjå på kva grep dei, på papiret, har teke for å forbetre folkehelse-statistikken og legge opp til ei betre framtid. Til slutt kjem eg til å samanlikne begge kommunane, og sjå på om det er forskjellar og likskap i korleis dei jobbar, samt om dei tolkar nasjonale og regionale retningslinjene ulikt.

Ved å sjå på forholda nemnt ovanfor, vil eg forsøke å ta for meg forskingsspørsmål 1:

- Korleis blir FNs berekraftsmål 3 om god helse inkludert i planarbeidet på kommunenivå, i kommunane Vindafjord og Tysvær?

Denne problemstillinga rommar i tillegg moglegheita for å sjå på korleis ulike former for god helse blir implementert, i ulike formar for handlingsrom. Planlegging er ein god blanding av det menneskebaserte, eksogene uttrykket som kjem av statlege føringar, fylkeskommunale strategiar og nasjonale mål for kva kommunane bør eller skal oppnå, men også det stadsbaserte handlingsrommet. Endogene prosessar syner igjen i at det er lokale planleggarar og initiativtakarar som lagar kommuneplanane og kjem med innspel, og at det viser seg å vere viktig for kommunane å skape rom for medverknad frå lokale bedrifter og innbyggjarar (Pike, Rodríguez-Pose og Tomaney, 2017). Dette er også godt forankra i kommuneplanane, behovet for å legge opp til medverknad på lokalt plan. Sjølv sagt er mykje styrt av retningslinjer ovanfrå, både frå stat med også mykje frå fylkeskommunen. Desse retningslinjene skal vi sjå på vidare. Denne kombinasjonsmodellen er sektorovergripande arbeid, og vi ser at mobiliseringa skjer både frå ekspertar og institusjonar, men også frå lokal mobilisering og

interesser for eige lokalsamfunn. Inkludering av det lokale og innbyggjarar, og tilrettelegging for medverknad i fleire ledd av prosessen, vil også auke interessa for planarbeidet, og dermed få fleire interessentar som ønsker å kome med sitt. Her ser me tydeleg dei neoendogene prosessane som er i spel for å kunne både opprette, men også utføre, planarbeid på lokal skala (Bosworth *et al.*, 2016).

6.1 Retningslinjer frå Rogaland fylkeskommune

Folkhelsearbeid er viktig å profilere for Rogaland fylkeskommune. Dei har, som tidlegare nemnt, laga ein eigen regionalplan for folkehelse i Rogaland, som både Vindafjord og Tysvær kommune er ein del av. Her finst det retningslinjer og mål for korleis fylket ønsker å vere i framtida med tanke på folkehelse, og kva forventningar som finst for kommunane, kva som burde tas tak i, og kva dei viktigaste fokusområda innanfor dette tverr-sektorale temaet er (Rogaland Fylkeskommune, 2012).

6.1.1 Regionalplan for folkehelse i Rogaland

Rogaland fylkeskommune har laga ein regionalplan på korleis folkehelse skal arbeidast med i fylket. Her har dei fokusert på at folkehelse skal vere sektorovergripande arbeid, det vil seie at det arbeidast med over mange sektorar eller grupperingar, og at det skal vere eit knutepunkt mellom ulike deler. Det skal også gjennomsyre mange ulike komponentar i fylket, for å oppnå optimale resultat. Som vi kan sjå i figur 18, har Rogaland fylkeskommune laga ei biletleg oversikt over dei ulike sektorane som folkehelsearbeid naturleg passar inn i, på ulike måtar. Nokre av dei peikar seg veldig tydeleg ut som helsefremjande arbeid, som tilgang på helsetenester, sosialt nettverk og relasjonar, og oppvekstvilkår. Andre sektorar er særskilt viktige for folkehelse, men som ikkje alltid er sett på som naturlege område for helsefremjande tiltak, men er då desto viktigare å løfte fram. Her kjem punkt som utdanning, bustadforhold, arbeidskår og inntekt. Dette er viktig for både fysisk og psykisk helse til folk, men ikkje alle desse blir framheva som arenaer å gjere ein helseforskjell på. Derfor er det ekstra viktig at Rogaland fylkeskommune har sett søkelys på desse. Det avgjerande punktet, som i mange tilfelle er ein samansetjing av alle dei andre, er lokalsamfunnet. Det er særskilt viktig for at alle desse andre kan fungere, og lokalsamfunnet, i både fysisk forstand, men også psykisk med tanke på menneska som bur der, bind saman alle dei andre sektorane til ein felles nemning, her under folkehelse (Rogaland Fylkeskommune, 2012). Desse punkta er ein god blanding av stadsbaserte tema og menneskebaserte mål. Ting som inntekt, utdanning og tilgang til

helsetenester er nok i stor grad basert på ting høgare instansar har mest makt over, mens sosialt nettverk og relasjonar, samt bustadforhold og ikkje minst lokalsamfunnet, har meir forankring i stadsbaserte løysingar. Desse sistnemnde temaa er ting som i stor grad må gjerast på lokalt plan, uansett kor mange reglement som gis frå høgare hald så er det i botn og grunn endogene handlingsrom. Kontrasten mellom desse ulike temaa kan fort skape konfliktfelt, og akkurat som berekraftig utvikling som konsept, vil gode løysingar for nokre av elementa vere meir skade enn nytte for andre ting. Då er det vanskeleg å vite kven som har rett, kva handlingsrom som har førsterett på gode løysingar, og ikkje minst korleis ein skal kommunisere desse konfliktane utan å skape fleire konflikhtar. Konfliktfelt vil oppstå uansett korleis ein planleggingsprosess er, men spesielt i eit neoendogent landskap med mange som ønsker å ha rett (Gualini, 2015; Shucksmith, 2010).



FIGUR 18: FOLKEHELSEARBEID SOM SEKTOROVERGRIPANDE ARBEID. (REGIONALPLAN FOR FOLKEHELSE I ROGALAND, ROGALAND FYLKESKOMMUNE, 2021)

I denne regionalplanen ligg det blant anna ei forventning internt i Rogaland fylkeskommune om at kommunane satsar på helsefremjande skular, barnehagar, nærmiljø og arbeidsplassar i ein planleggingsprosess (Rogaland Fylkeskommune, 2012). Vidare er det også poengtert at kommunen har utvalde oppgåver og roller i folkehelsearbeidet:

- Lokaldemokratiet har stor innflytelse på rammene for ein folkehelsepolitikk. Folkehelsearbeidet omhandlar mobilisering av innbyggjarar og nærmiljø til å ta ansvar for eigne liv.
- Kommunen skal vere pådrivar for tverrfaglege samarbeid og partnerskap på tvers av sektorar og næringsliv. Skape nye moglegheiter og handlingsrom for å løyse folkehelseutfordringar.
- Samordne lokale initiativ med regionale og nasjonale organ i folkehelsearbeidet.

- Kan påverke korleis lokalmiljøa utformast. Arbeide for fysisk og miljøretta folkehelsearbeid. (lokal arealplanlegging, trafikksikkerheitsarbeid, universell utforming, gode møteplassar)
- Fremme folkehelse, trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold i sin helsetjeneste. (Rogaland Fylkeskommune, 2012).

Rogaland fylkeskommune har også ein visjon: «*Helse i alt vi gjør – sammen utvikler vi ett godt Rogaland.*» (Rogaland Fylkeskommune, 2012, s. 36). Dette ønsker dei å sjå vidare i dei lokale visjonane og planane. Folkehelse er ei samfunnsutvikling, og alle sektorar må ta ansvar for å fremje god helse med målsetting om å utjamne sosiale helseforskjellar.

6.2 Vindafjord kommune

Vindafjord kommune har integrert folkehelse i fleire delar av planane deira. Det finst ein eigen helse- og omsorgsplan, som tar føre seg planar for helse-sektoren, eit folkehelseoversikt saman med planstrategien, og ein eigen seksjon på heimesida om folkehelse. Vidare skal vi undersøke nærare korleis folkehelse blir planlagt for, og korleis status blir beskrive i kommunen.

6.2.1 Helse- og omsorgsplan

Vindafjord kommune har laga ein eigen helse- og omsorgsplan for perioden 2020-2025, med slagordet «*deltaking og meistring*» som undertittel. Denne planen framhevar verdien av den enkelte, samt seier noko om kvar enkelte sitt ansvar for eiga helse og eigne val. Den skal skissere både langsiktige mål og konkrete nå-tiltak, og blir eit viktig styringsdokument framover (Vindafjord kommune, 2020, s. 2). Samtidig skal den også spegla kommunens satsing på aktiv omsorg, samt satsing på omsorgs- og velferdsteknologi. Det som blir understreka er viktigheita av samarbeid og samhandling i desse prosessane. Helse- og omsorgsplanen viser også til metodar kommunen brukar for å kultivere god helse, og det finnes fleire satsingsområde: leve heile livet, folkehelse og friskliv, frivillig innsats og deltaking, bruk av teknologi, og palliasjon og lindrande behandling (Vindafjord kommune, 2020, s. 6-9).

I figur 19 ser vi biletet som er på framsida av Vindafjord kommune sin helse- og omsorgsplan 2020-2025. Dette skal vere ei tydeleg tilnærming til dei viktigaste tinga vi får lese om i planen, og skal tydeleggjere kommunen sin tankegong, viktige omgrep og fokusområde, samt

omsorgstenesta, og omfattar ei rekke kurs. I Vindafjord er det helseavdelinga og NAV som driv desse kursa for friskliv. For å oppnå god helse blant alle innbyggjarane i Vindafjord, blir det viktig at folkehelseoversikta er forankra hos kommunalsjefen for samfunnsutviklinga. Dette skapar ein kontinuitet og tilknytning til planarbeidet, og sikrar at det ikkje blir gløymt vekk. Det blir også oppretta eit «folkehelseforum» med representantar frå dei ulike satsingsområda, for å sikre at alle saker i dei ulike områda kjem med. I tillegg er det viktig å både utvikle og vidareutvikle lågterskeltilbod og ulike kurs for aktuelle målgrupper, for å spreie både god informasjon og trygge helse-samfunn (Vindafjord kommune, 2020, s. 7).

I Vindafjord er det også eit fokus på frivilligheit. Det gir mange moglegheiter for deltaking i både meiningsfylte, men også svært samfunnsnyttige verksemdar. Dette er bygd på ideen om eit nært samspel i medmenneskelege relasjonar, som ein del av eit levande samfunn. Denne frivillige sektoren har stor innverknad på livskvalitet, fellesskap og utvikling, på måtar som ikkje alltid er oppnåelege eller tid til i den profesjonelle sektoren. Det bidrar sterkt til å auke den overordna kvaliteten i tilbodet i kommunen (Vindafjord kommune, 2020, s. 7).

Eitt av satsingsområda i helse- og omsorgsplanen, er bruk av teknologi. Ved første augekast ser dette ut som eit rart område å satse på innanfor helse, men det er viktig med tanke på digitale løysingar i kvardagen, velferdsteknologi, regionalt samarbeid rundt heimebuande, og lokalt samarbeid rundt institusjonane. I Vindafjord er det enkelte stader utan mobilnett, og ein del innbyggjarar som av ulike grunnar ikkje kan bruke teknologiske løysingar i kvardagen. Dette er krevjande, sidan det blir satsa på nye, sikrare og raskare løysingar for kommunikasjon- og informasjonsutveksling innanfor helsesektoren. Velferdsteknologi, eller trygghet- og meistringsteknologi, er derfor viktig for å forsterka tryggleik, eigenmestring, mobilitet og sikkerheit, samt mogleggjera tilgjengelegheita for fysisk og kulturell aktivitet. Målet med teknologi-bruken er å redusera ressursbruken, samt få fleire fornøgde mottakarar av tenestene (Vindafjord kommune, 2020, s. 8). Regionalt samarbeid er også viktig, og på Haugalandet er det eit samarbeid for heimebuande. Vindafjord kommune er dermed underlagt føringar som bestemmer vidare framdrift på området, og det er ein prosess. Det finst også lokalt samarbeid mellom institusjonane, der tverrsektorielt og fleirfagleg planlegging er viktig for å halde desse oppdatert med relevant teknologi og kunnskap (Vindafjord kommune, 2020, s. 8). Eit anna satsingsområde Vindafjord har hatt ei stund, er palliasjon og kreftsjukepleie. Palliasjon er omsorg, pleie og aktiv behandling til pasientar med kort forventet levetid og inkurabel sjukdom. Her står smertelindring sentralt, saman med psykiske og siste behov den

siste tida. Fokuset her er på kunnskap, kompetanse og frivilligheit for å tilretteleggja for eit godt liv også den siste tida dei har igjen (Vindafjord kommune, 2020, s. 9).

Ein stor føresetnad for å kunne tilby gode helsetenester i kommunen, er å ha nok kompetanse og ressursar med nok helsepersonell. Utfordringa i Vindafjord, som i resten av landet, er ikkje direkte tilknytt eldreveksten, men heller på manglande tilgang på helsepersonell. Dette vil bli endå tydelegare i nær framtid. Her vil tiltak som styrkar kommunen som arbeidsplass, som gjer det attraktivt å bu der, som gje kommunen eit godt omdøme, samt generelt store tiltak knyta opp mot kompetanseheving og karriereutvikling, vere veldig viktige.

Ein anna metode kommunane brukar for å oppnå god folkehelse og gode tilbod for innbyggjarane, er å ha gode interkommunale samarbeid. I tillegg til offisielle samarbeidsavtalar med helseføretak, har Vindafjord interkommunale samarbeid blant anna med legevakta i Etne og Haugesund, NAV og barnevern med Etne, miljøretta helsevern i samarbeid med Sauda, og kommunale ØH-senger med Tysvær. Denne koordineringa gir godt tverrfagleg samarbeid, gode tenester, godt læringsnettverk og utvida tilbod for fleire kommunar (Vindafjord kommune, 2020, s. 12). Dette er spesielt viktig for mindre kommunar og stader, der økonomi, størrelse og kapasitet ofte gjer det vanskeleg å ha eit breitt tilbod tilgjengeleg. Om alle skulle tilbudd alt, ville ressursar strekkast tynt, mens i fungerande samarbeid kan kvaliteten hevast og kompetansen spissast.

Eit anna viktig utfordringsområde i Vindafjord kommune er dei økonomiske rammene. Det er ikkje eit veldig utheva punkt i helse- og omsorgsplanen, men det er desto viktigare å nemne. Dei seier klart at målet alltid er realistiske budsjett, og skriv at «Dei siste åra har rammeområdet hatt store overskridingar og det er heilt naudsynt å gjere tiltak. I den årlege budsjettprosessen vil det bli lagt fram tiltak, men det er politikarane som må vedta budsjettet, samt gjere naudsynte grep i kommuneøkonomien totalt sett» (Vindafjord kommune, 2020, s. 4). Dette viser til at kommunebudsjettet til Vindafjord går i minus år etter år, der den største utgiftsposten er helse.

6.2.2 Planstrategi

Vindafjord kommune er klar over at alderssamansetninga i kommunen er i endring, samtidig som befolkningsveksten har vorte negativ dei siste åra. Den største gruppa med auke i befolkning i forhold til alder, er gruppa 67-79 år. Dette vil i stor grad bidra til ei eldrebølge i næraste framtid, der det vil bli ei større gruppe som går ut av arbeidslivet, samtidig som det

vil gi ei auking i behov for eldreomsorg på sikt. Vindafjord si utfordring er å utdanne, rekruttere og behalde kvalifisert personell for eldreomsorg og elles i helsesektoren. Dette vil i stor sannsyn føre til både kutt og kvalitetsnedgang i helse- og omsorgstenestetilbodet i kommunen. Det kjem til å vere utfordrande å både rekruttere og nytte kapasiteten ein har rett. Vindafjord kommune seier at «Stikkord for vidare utvikling er: Velferdsteknologi, tverrfagleg teamorganisering, kvardagsrehabilitering, frivillig arbeid på helse- og omsorgsfeltet, rett tenestetilbod til rett person ... og ikkje minst ei kontinuerleg betring av den daglege drifta» (Vindafjord kommune, 2021). Vindafjord kommune fylgjer også prinsippet om næromsorg som Verdas helseorganisasjon har innført. Dette gjer at dei fordelar ressursane sine «ved hjelp av ei omsorgstrapp som byggjer på LEON-prinsippet. LEON står for Laveste, Effektive Omsorgs Nivå» (Vindafjord kommune, 2021). Prinsippet går ut på at helsefremjande arbeid og alt det førebyggjande skal skje i nær tilknytning til miljøet heime. Her er det ønskeleg å nytta seg av nærmiljø og sosiale nettverk.

Psykisk helse er også eit område der kommunen ser ein stor utfordring, både lokalt og nasjonalt. Dei vil, saman med 4 andre kommunar på Haugalandet, starte eit samarbeidsprosjekt for styrking av foreldrerolla, som førebygging mot psykisk uhelse. Dette er viktig å få til så tidleg som mogleg i bornas liv. Danning av gode oppvekstvilkår vil i stor grad førebyggje mange problem seinare, og dette er eitt av satsingsområda i Vindafjord kommune (Vindafjord kommune, 2021). Dette ser vi også frå brukarundersøkinga «ung data» frå 2015 og 2018, som «synes auka behov for førebyggjande arbeid for barn og ungdom si psykiske helse». Dette betyr i praksis at kommunen ønsker å styrke tilgjengelegeita til helsesjukepleiar i skulehelsetenesta, samt oppretthalda tenestetilbodet «helsestasjon for ungdom (HFU)», som skal virke som eit lågterskel helsetilbod for ungdom. Dei har og sett seg som mål å tilsetja psykolog på HFU i kommunen (Vindafjord kommune, 2021). Dette vil vere eit godt tilbod som synleggjer helsetilbod, og gjer det enklare og mindre stigmatiserande for unge å ta i bruk helsetilbod.

6.3 Tysvær kommune

Tysvær kommune har inkludert folkehelse i fleire ledd i planane deira. Det finst ein punkt under fana «status og utviklingstrekk» i planstrategien som tar for seg folkehelse som eit eige punkt (Tysvær kommune, 2021b). Det finst også ein eigen handlingsplan med budsjett retta mot folkehelse (Tysvær kommune, 2021a), samt eit eige plandokument under utvikling som

er spesifikt retta mot helse og meistring (Tysvær kommune, 2020). vidare skal vi sjå nærmare på korleis desse beskriv situasjonen i kommunen, og kva planar dei legg fram.

6.3.1 Budsjett og handlingsplan for folkehelse

Tysvær kommune har laga ein handlingsplan for korleis dei skal handtere og jobbe med temaet folkehelse. Inne i denne planen finst det også eit budsjett som seier kor mykje pengar dei har sett av til å gjennomføre handlingane som er bestemt. Alt er utforma som ein tabell, og viser korleis dei har tenkt å gå fram. Det gjer dei ved hjelp av kategoriane grunning, tiltak, målsetjing, tidspunkt, ansvar, evaluering og utgift (Tysvær kommune, 2021a).

Det første punktet dei legg vekt på, er ei tilskotsordning som heiter «Aktivitet og trivsel i Tysvær». Dette går ut på at det skal vere eit tydeleg fokus på arrangement og aktivitetar som fremjar inkludering. Dette gjeld spesielt for barn og unge, samt eldre folk. Hovudfokuset i denne tilskotsordninga er både fysisk og sosial aktivitet (Tysvær kommune, 2021a). Dette vil fremje både fysisk og psykisk helse, og er i stor grad preventive mål som skal hindre belastning på helsesystemet seinare, ved å påverke folk i ei positiv leveretning. Dei grunnar dette tiltaket ved å setje lys på behovet for meir fokus på helsefremjande tiltak, samt å vise kor tydeleg det er at nærmiljø har betydning for helse og trivsel i kommunen. Målsetjinga dei har sett, er å «fremme helse og trivsel gjennom aktivitetar i lokalmiljøene, via mobilisering av frivilligheten og innbyggjarane» (Tysvær kommune, 2021a). Dette tyder på at mykje av det Tysvær gjer for å skape gode helsemessige lokalsamfunn, er å engasjere frivillige til å hjelpe. Dette kan ha både positive og negative ringverknadar. På eine sida, er dette ein smart måte å gjere det på. Innbyggjarane sjølve i nærmiljøa har nok ofte betre oversikt over kva som bør gjerast og kva som er nyttig å gjennomføre. Då er det viktig å lytte til dei som står i nærmiljøet. Ved å mobilisere frivillige til dette, vil også kommunens samhold styrkast, og interaksjon vil i stor grad gå på tvers av alder, familie og bygder. I meir negativ forstand, vil dette legge press på frivilligheita i kommunen, og i stor grad vil ansvaret skyvast over på innbyggjarane til å gjere noko, og kommunen står igjen med mindre ansvar. I handlingsplanen er det også definert eit ansvarsområde, der kommunegruppa oppvekst og kultur, samt folkehelsekoordinator, er hovudansvarlege. Det kan vere vanskeleg å finne ein balanse i ansvarsfordeling i frivilligheitsprosjekt, i kva grad kommunen har ansvaret versus ansvaret innbyggjarane har til å gjennomføre prosjekt, oppgåver, aktivitetar og liknande.

Eit anna tiltak i handlingsplanen for helse i Tysvær, er ulike folkehelsearrangement. Grunnlaget for dette er å auke kunnskapsnivået og engasjementet i kommunen rundt ulike folkehelse tema. Desse arrangementa fangar om mange ulike tema innanfor folkehelse, der hovudfokuset er å bidra til auka kunnskap på gode, engasjerande måtar. Dette kan vere alt frå fysisk helse-relaterte arrangement rundt verdas aktivitetsdag og refleksdagen, mental helse i verdsdagen for psykisk helse og fokusveka seksuelle overgrep og vald, og meir uspesifikke arrangement som «kva er viktig for deg-dagen» og eldredagar (Tysvær kommune, 2021a). Om desse arrangementa blir bra, vil dei vere ein bra måte å skape fokus på temaa. Utfordringa her også er at ein i stor grad baserer seg på villigheita til frivillige aktørar og lokale bedrifter til å bidra, både med tid og kunnskap, men også i nokon grad økonomisk. Då er ein avhengig av stor frivilligheit i kommunen, samt ein kultur for å stille opp for lokalmiljøet. Dette er god taktikk, men gir store uvissemoment i kor mykje som i realiteten blir gjennomført. Sjølv med folkehelsekoordinator på toppen som har kontroll, vil det vere vanskeleg å føresei kvalitet og engasjement rundt arrangementa.

Det siste punktet i handlingsplanen til Tysvær kommune med fokus på helse, er ei kartlegging av einbustadar, samt ei rettleiing om korleis bustadforhold kan betrast og tilretteleggja for tilskot til kommunen og flytting internt. Dette blir grunngeve med eit behov for ei oversikt over korleis folk bur i kommunen, og bidra til at flest mogleg bur som dei ønsker. Gode bumoglegheiter er viktig for folkehelsa og trivsel. Ønsket frå kommunen er å ha trygge og tilgjengelege bustadar for alle innbyggjarane. Dette gjeld uansett alder, og gjeld tilrettelegging for at folk kan få bu heime så lenge dei vil, utan å føle seg som ei byrde i samfunnet, og meistre livet deira. Denne kartlegginga blir utvikla av plan- og utviklingsavdelinga, og blir gjennomført med både bustadkartlegging, og spørjeskjema til innbyggjarane om korleis dei ønsker å bu som eldre (Tysvær kommune, 2021a).

6.3.2 Planstrategi

Kommunen må ta omsyn til den forventede befolkningsutviklinga og demografien i framtida, når dei planlegg vegen vidare for kommunen. Denne utviklinga har nokre hovudtrekk dei må legge til rette for:

- I Tysvær ligg befolkningsveksten under gjennomsnittet for den nasjonale veksten.
- Den låge veksten i Tysvær skuldast ein negativ nettoinnflytting, samt lågare fødselstal og dermed lågare overskot.

- Den største befolkningsveksten i kommunen ligg i aldersgruppa 67 år og eldre.

Tysvær kommune har peika ut at eldrebølgja startar rundt fem år tidlegare hos dei enn det som er normalt. Det er også gjort berekningar som viser at behovet for tenester innan pleie og omsorg er anslått til å stige med 109% frå år 2020 til år 2040. Denne veksende eldregerasjonen vil slå ut i heile Rogaland (Tysvær kommune, 2021b).

Hovudområda i Tysvær kommune som ein må ha spesielt fokus på i næraste framtid, er blant anna samskaping, heiltidskultur, sjukefråvær og kompetanse. Ein del av dette er å skape ein trygg oppvekst med god psykisk helse. Her skal det arbeidast med utfordringar innanfor oppvekstområdet, som for eksempel unge uføre. Ved å arbeide her, vil fleire barn og unge få ei utdanning for framtida som tillèt dei å delta i samfunnet.

God folkehelse er eit satsingsområde som utpeiker seg for å kunne skape eit berekraftig samfunn i Tysvær både i dag og i framtida. Ifølge planstrategien er «menneskets helse er en av de viktigste ressursene i et samfunn, og hvordan en planlegger og utvikler kommunen har betydning for dette» (Tysvær kommune, 2021b). Dei har også ein god oversikt over kva område i kommunen som treng hjelp, virkemidlar og problemløysing. Nokre av dei utheva områda som må vere i fokusfeltet er: barn og unges oppvekstvilkår, eldrebølge på veg, auka rapportering av ulike former for psykiske plager – spesielt hos barn og unge folk, sosialt fråfall på skular, og at kommunen ligg over gjennomsnittet i ulike indikatorar knyta opp mot hjarte- og karsjukdomar.

6.3.4 Helse og meistring – plandokument

Tysvær kommune har eit plandokument for 2020-2040, eit helse og meistring plandokument, som skal løfte blikket heilt fram til 2040. Dette har blitt i stor grad gjort saman med innbyggjarane, gjennom spørjeundersøkingar i lokalavisa og dialogkonferansar der alle kan kome med innspel. Eit framheva punkt er koordineringa av frivillige og pårørande, for å fremje psykisk helse og danne lågterskeltilbod internt i kommunen. Dei har også danna 4 hovudmål for kommunen i dette feltet, og utpeika strategiar som følger med dette. Figur 20 viser eit diagram av alle 4 hovudmåla, der mål 1, «helse og trivsel hele livet», er utheva (Tysvær kommune, 2020). Desse fire områda som figuren framhevar, er dei fire satsingsområda. Målet «helse og trivsel hele livet» er eit stort motto for Tysvær kommune. Det set folkehelse i fokus. Mottoet «best sammen» går i liknande banar, men trekk fram at einaste måten å få til noko stort, er å gjere det saman. Helse i kommunen fungerer ikkje utan

at samarbeid mellom sektorar finst. «Rett kompetanse til rett tid» vektlegg at sjølv om det finst mykje god kompetanse i distriktet, må ein vite korleis ein kan bruke den best, for å oppnå optimale resultat. Det siste, «bærekraftige tjenester», viser til berekraftsaspektet ved helse. Det skal kunne gjennomførast over eit tidsrom, utan å øydelegge moglegheitene for å gjer noko liknande i framtida. Det skal også kunne løfte heile lokalsamfunnet.



FIGUR 20: HELSE OG TRIVSEL - MÅL OG STRATEGIAR I TYSVÆR KOMMUNE. (HELSE OG MESTRING 2020-2040. TYSVÆR KOMMUNE, 2020)

Det er også blitt laga ei liste med tolv av dei mest sentrale satsingsområda som må fokuserast på om ein skal kunne gjennomføre denne planen. Nokre av områda er tidleg og tverrfagleg innsats, utvikle møteplassar, bustadar og institusjonar, og kompetanse (Tysvær kommune, 2020).

6.4 Konklusjon

Tysvær kommune vil i stor grad gjere seg bruk av innbyggjarane og frivilligheita til å både setje og nå mål innanfor folkehelse i kommunen. Dei framhevar klart at innbyggjarane skal ha ei stemme, og kommunen elles bruker ressursar på eldrehelse. I Vindafjord er det i større grad unges helse som står på agendaen. Målet er å hindre større problem seinare, ved å jobbe preventivt og styrke psykisk helse frå ung alder.

Her ser vi at strategien for dei to kommunane er forskjellige, fordi dei både løyser utfordringar på ulike måtar, men også fordi dei har ulike satsingsområde. I Tysvær er

frivilligheita i fokus i samarbeid med kommunen, mens i Vindafjord vil kommunen i større grad jobbe sjølv saman med andre kommunar for å gi vaksne og unge hjelpemiddel for å styrke seg sjølve.

Samtidig ser man klart og tydeleg ulike ting dei to kommunane har til felles. Det finst eit klart fokus på folkehelse og å betre det generelle livet og helsa til lokalbefolkning, og legge til rette for at folk skal kunne ta fatt i og vere interessert i eigen helse, i tillegg til struktur og pleie innanfor helsesektoren. Dei har begge eigne plandokument og handlingsplanar for helse, og det verker til å vere drive av meir enn berre retningslinjer og påbod. Det er i kommunane si interesse å leggje gode planar for forbetra folkehelse i kommunen.

Noko av grunnen til likskapane vil nok vere at dei begge baserer seg på regionalplanen til Rogaland fylkeskommune, og ser på liknande løysingar for korleis ting bør gjerast. I tillegg er dei to nabokommunar, og som tidlegare nemnt finst det eit samarbeid mellom dei to kommunane i nokre helse-relaterte ting, og mellom alle kommunane på Haugalandet. Fordi desse to kommunane ligg i same region, og er nabokommunar, vil ein del ting vere basert på dei same retningslinjene og det same samarbeidet. Dei to er også litt like på samansetjing og kva slags type kommune det er (næring, bygdekommune).

Alt dette betyr at sjølv om det finst mange eksogene prosessar som i seg sjølve vil gi mange likskapar mellom desse to kommunane, vil den individuelle innbyggjar og deira ønsker, helse og idear gjere at ikkje to kommunar er like, nokon gong. Denne endogene påverknadskrafta som dei som bur der, har, gjer mykje for korleis kommunen vel å prioritere.

7.0 Folkehelse som strategisk handlingsfelt, strategiske lokale tiltak

I lokalsamfunn, her kommunar og tettstader internt i kommunar, er det viktig at det skjer ting og kjem tiltak som er engasjert av befolkninga. Det er innbyggjarane som bur der, og veit kva slags behov som finst i lokalmiljøet. Nokre ting går fint an å gjere sjølve og byggje opp frå grasrota, som for eksempel lokale, sosiale engasjement, lågterskel fritidstilbod og andre mindre ting som fint kan gjerast på dugnad. Andre tiltak kan kome som førespurnadar frå lokalbefolkning, men treng økonomisk støtte, utgreiingar, tilgjengelege område, kommunale løyver og krev mykje arbeid frå ein større instans med meir makt enn lokale folk. Dette kan for eksempel vere ny tursti, lekepark, eller bygging av nytt eller ivaretaking av eksisterande svømmebasseng. Sistnemnde er ein sak som er veldig aktuell i begge dei valde kommunane, og har eit stort lokalt engasjement. I tillegg til dette, finst det mange tiltak som må vere ein kombinasjon av dei to nemnt ovanfor, eit samarbeid mellom kommunale prosjekt, og dugnadsånd, frivilligheit og engasjement frå lokale aktørar og innbyggjarar. Dette kan for eksempel vere arrangement som får låne lokalar, treng løyver eller blir økonomisk støtta av kommunen for å kunne gjennomførast, men blir drive på lokal frivilligheit og dugnad, og som blir til av lokale initiativtakarar. Dette vil i stor grad vere neoendogene prosjekt som krev tiltak frå både lokale, endogene krefter som vil utrette noko, og større, overordna eksogene tiltak og ressursar som kjem ovanifrå (Shucksmith, 2010).

Mykje av det som skjer i kommunane som er med å booste folkehelse, er ein form for neo-endogen prosess. Det ligg føringar frå høgare instansar på kva ein skal legge vekt på, og økonomien er til dels avhengig av kor mykje kommunen får frå staten. Dette er ein eksogen prosess. Samtidig vil kommunane i stor grad kva dei vil bruke midlane på, og dei lokale ønska for dei individuelle kommunane kjem frå lokalbefolkninga, og sett i live av lokalpolitikarar. Denne type 'bottom-up' engasjement er endogen, den kjem frå grasrota og kjem til live gjennom det lokale. Kombinasjonen av dette, og variablane i desse sakene og prosessane, gjer at det i stor grad er ein neo-endogen prosess. Eg vil argumentere for at det aller meste av det som skjer i regi av kommunen som folkehelseiltak, utanom helse- og omsorgssektoren, er neo-endogent fordi det vil alltid ha både offisielle føringar og lokale interesser med i spel (Shucksmith, 2010).

I denne delen av oppgåva skal vi sjå meir på kva tiltak som blir gjennomført i kommunane, om dei kjem frå grasrota eller frå høgare hald, og kva som blir prata om, ønska og planlagt versus kva som faktisk blir gjennomført. Vi skal sjå på om temaet folkehelse er engasjerande

og mobiliserande på lokalt nivå, eller om det er eit for stort omgrep for folk å ta tak i, og at det helst er føringar ovanfrå som gjer at ting blir gjort. Her ser vi tydeleg handlingsrommet og differansen mellom menneskebaserte val og bestemmelsar som berre vil det beste og tar sentraliseringspolitikken på alvor og meiner dette er den beste løysinga, og dei stadsbaserte følelsane og tilhøyrse som kjem med sånne diskusjonar. Det finst mange gode teoriar som fungerer godt mange stader, men som ikkje vil kome til å verken bli populære, effektive eller i det heile tatt akseptert andre stader. I sånne saker er lokaldemokrati, tilgjengelegheit av informasjon og god tilrettelegging av medverknad i alle ledd sentralt for å i det heile tatt kome nokon veg utan å skape ikkje berre konflikhtar, men også store skilje internt i kommunane, mellom lokal styringsmakt og innbyggjarar eller mellom bygder (Pike, Rodríguez-Pose og Tomaney, 2017; Shucksmith, 2010). Eg seier ikkje at eine sida har meir rett enn den andre til å ta avgjersler her, og kommunale tilsette har nok jamt over eit større kunnskapsgrunnlag for å uttale seg og ta desse sakene, men eg trur også at spesielt i så omveltande saker og konflikhtar er det ytst nødvendig å sjå på innbyggjarane sine synspunkt. Det som då er viktig, er å møtes på midten og legge opp til saklege møter, diskusjonar og debattar rundt dette, der ein skapar eit rom for både kunnskaps- og meningsutveksling, samt minske rom for misforståingar, og rett og slett skape ei løysing som er kome fram til på ein ryddig, sakleg og neoendogen måte (Bosworth *et al.*, 2016; Higdem, 2011).

Vi skal også sjå om tinga som blir gjennomført er mest førebyggjande tiltak, eller om det blir delt ut og brukt mest ressursar på etterbehandling. Nokre tiltak og prosjekt vil også naturleg falle i begge desse kategoriane, som for eksempel den høgaktuelle saken om svømmebasseng, derfor er det viktig å sjå på eit heilskapleg bilete av tilbod i kommunen i tillegg til enkelttiltak kvar for seg.

Ved å sjå på desse tinga, skal eg prøve å belyse korleis Vindafjord kommune og Tysvær kommune brukar planlegging som eit strategisk handlingsfelt for å forbetre folkehelsa i dei respektive kommunane. Dette vil eg gjere ved å operasjonalisere problemstillingane i forskingsspørsmål 2 og 3, for å knytte alt saman og sjå korleis desse problemstillingane synes i kommunane.

2. Korleis mobiliserer og engasjerer kommunane omkring berekraftsmål 3, både internt og eksternt?
3. På kva for ein måte formar folkehelse kommunanes strategiske visjon om eit framtidsretta, attraktivt samfunn?

Desse to spørsmåla er retta omkring mobilisering, tiltak og tankegang. Folkehelse er eit klart, strategisk satsingsområde som veldig mange kan stille seg bak. Samtidig finst det like mange løysingar på korleis ting skal gjerast, som det er folk i verda. Naturleg nok vil ikkje alle vere einige om korleis ein best oppnår god helse, både preventivt og behandlande, og i dette kan det fort oppstå konflikhtar. I begge kommunane har dei dei siste åra hatt ein diskusjon rundt skulestruktur, både med tanke på dei beste løysingane for barns sosiale, fysiske og mentale helse, men også med tanke på effektivitet og lønsamheit. I distrikta finst det ofte mange mindre skular, med små klassetrinn og få lærarar. Diskusjonen er ofte om ungene hadde hatt det betre sosialt og lært meir på større samlingssskular, der fleire bygder kjem ilag og dei har moglegheit både til å møte mange nye folk, men også ha eit breiare spekter av lærarar og ikkje minst meir samla økonomi. Motstandarane av denne løysinga, er meir opptekne av at det fort blir for store klassar der ein ikkje får like god oppfølging, fordi det er fleire elevar per lærar. Dette vil kunne skape mange demotiverte elevar, spesielt dei som kanskje treng ekstra oppfølging, og som vil ende opp med å ikkje lære like mykje og ikkje like skulen. I tillegg er lang reiseveg ein veldig sentral del av diskusjonen. Mange ønsker ikkje sende ungene sine, då spesielt små ungar, på lange bussturar eller anna skyss kvar veg til skulen. Det vil gjere heile skuledagen deira lengre, og generelt gå utover deira psykososiale miljø. Skule og barnehage i bygdene vil også hjelpe med å skape og helde på levande bygder, og sentralisering av dette vil kunne gå utover både næringslivet og busetjing, og vil over tid føre til fråflytting av ein del av dei mindre stadene i kommunane (Norconsult, 2020; Vindafjord kommune, 2022).

Konfliktfelt er ikkje berre negativt. Sjølv om det skapar polarisering og folk må velje side i ei sak, skapar konflikhtar også ofte dei beste løysingane på sikt (Gualini, 2015). Konfliktsaker treng å ha ein stad der alle kan få lov til å ytre seg og sei det dei meiner er viktigast og kva dei korrekte løysingane er. Ved å skape dialog og dele både kunnskap og erfaringar, blir alle litt klokare og rikare. Dette skaper også rom for å tenkje kollektivt og saman kome opp med dei beste løysingane. Innovasjon og samskaping er dermed begge positive utfall av konflikhtar (Higdem, 2011; Higdem, 2018). Det kan skape tryggare lokalsamfunn der folk tør å prate og bruke stemma si. Ved å setje saman mange gode hovud med lokalsamfunnets beste i tankane, har vi potensiale til å skape noko, og er definitivt med på å forme samfunnet. Ved å ikkje ha eksogen einestyring eller potensielt kaotiske endogene ytringsfelt, men heller skape eit neoendogent miljø og styringsform basert på både kunnskap og følelsar, blir konfliktsaker ofte ein samlings sak, på godt og vondt. Godt for eit lokalsamfunn å samle seg og stå mot ytre

krefter, dumt at det ofte blir ein direkte konflikt mellom kommune og innbyggjarar (Bosworth *et al.*, 2016; Campbell, 1996; Gualini og Bianchi, 2015).

7.1 Vindafjord kommune

7.1.1 Endogen mobilisering

Vindafjord frivilligsentral er eit godt tilbod for alle dei som treng ein plass å møtast, og dei som har overskot til å skape desse plassane. Dette legg til rette for alt frå språktreff, besøksvener for eldre eller uføre, seniortreff, digitalhjelp for dei som treng det, og Camp Vindafjord som sørger for at alle barn skal kunne oppleve ting i feriar, både meistring, glede og medborgarskap, for å hindre utanforskap og skape rom der unge kan møtast på tvers av sosial-økonomisk status. Sosial folkehelse er viktig, og for barn frå familiar som kanskje ikkje har ressursar, og eldre og andre som ikkje kjem seg ut av huset, er frivilligheita grunnen til at folk føler seg motteke i samfunnet og ein verdig del av det. I tillegg har du lokale, innbyggarengasjerte grupper og samlingar som turgrupper og kafémøte. Her spelar også dei lokale idrettslaga inn, og sjølv om dei får midlar frå ulike hald, er det i veldig stor grad, i alle fall i dei yngre årskulla, basert på frivilligheit og villige foreldre som stiller opp som trenarar og organisatorar i aller største grad. Det endogene perspektivet og handlingsrommet, er viktig for lokalsamfunnet og aktivisering, og spesielt i mindre samfunn er det veldig viktig å ha dette engasjementet. Innbyggjarane er også i større grad klar over akkurat kva dei ønsker, og vil ha delvis større handlingsrom i form av at kommunen oftare treng løyver og det må gå gjennom fleire instansar før noko skjer. Den stadsbaserte tilnærminga er ofte avhengig av å mobilisere lokale ressursar, og denne tilnærminga kan i aller største grad vite kva behov det lokale har, og lokal kompetanse og engasjement vil ha innside-informasjon kommunen kanskje ikkje har. Det er som oftast dei som allereie har interesse i dei delane av lokalsamfunnet som blir med, og dermed veit dei allereie kor behovet ligg (Pike, Rodríguez-Pose og Tomaney, 2017). Det som er negativt med dette, er at du i stor grad skaper eit lokalsamfunn som faller ifrå kvarandre om folk ikkje tar initiativ, ikkje har tid og krefter til å organisere, eller at alle vel å berre invitere næraste vener, noko som skaper eit skilje der nokre folk ikkje vil ha sunne, sosiale og fysiske miljø å vere i.

7.1.2 Eksogen mobilisering

Ytre faktorar som har vore med og gitt betre folkehelse i Vindafjord kommune, er blant anna Rogaland fylkeskommune. Frå våren 2020 fekk fem kommunar på Haugalandet delta i 'Program for folkehelsearbeid i kommunane', som gir ekstra tilskotsmidlar. Desse midlane kjem frå fylket. Gjennom dette prosjektet vil desse fem kommunane kunne lansere eit nytt foreldrekurs for førstegongsforeldre, som skal vere eit universelt tilbod retta mot nye foreldre, som er både førebyggjande og helsefremjande. Dette skal skape tryggleik for nye foreldre, skal skape gode haldingar og verdiar og er med på å hindre trykk og pågang på deler av helse- og sosialsystemet. Etersom dette er eit tiltak for fleire kommunar som kjem frå fylket, er det eit eksogent tiltak i Vindafjord kommune som er med på å skape betre folkehelse, då spesielt i framtida. Dette er i aller største grad eit førebyggjande tiltak som forhåpentlegvis skal redusere behovet for mykje ekstra hjelp og involvering av andre instansar seinare, samt er preventivt med tanke på auke av stress og ein del helseproblem for foreldra seinare i løpet (Vindafjord kommune, 2023). Dette er i stor grad knyta opp mot folkehelse som strategisk handlingsfelt og strategiske visjon om attraktive samfunn. Marknadsføring av kommunen eller lokalsamfunnet som ein attraktiv stad å bu, er viktig for både noverande innbyggjarar sånn at dei blir der dei er, og er fornøgde der dei bur, men også for å få fleire til å vilje busetje seg der i framtida. Attraktivitet er nødvendig for potensiell vekst og er avhengig av positivt syn på lokalsamfunnet. Her kan for eksempel god folkehelse i kommunen vere ein nyttig marknadsstrategi som gjer at fleire ønsker å bu der (Sand, Carlsson og Haugum, 2016). Som tidlegare nemnt i kapittel 2, er det lite befolkningsauke i kommunen, og dei er avhengige av å få innflyttarar til kommunen. Ein av dei nyttigaste gruppene av folk «alle» ønsker at skal flytte til kommunen, er vaksne, etableringsklare i arbeid. Då er kurs og tilrettelegging for optimale, attraktive forhold for familieauking essensielt. Derfor er dette gode, eksogene strategiar som kommunen hadde slitt med å få til utan innflytelse og midlar ovanfrå. Her spelar også skulestrukturen inn, fordi det vil vere viktig for barnefamiljar å kjenne på at barna blir ivaretatt og lærer mykje. Då vil sentralisering av skular og barnehagar vere uattraktivt for mange. Samtidig vil sannsynlegvis det meste av innflytting skje i kommunesentera eller dei større stadene, fordi det er der alle fritidstilbod, større skular med fleire å bli kjent med, osv., blir lagt.

7.1.3 Neoendogent

Det meste av det som skjer av tiltak, er på ein eller anna måte ein kombinasjon av styring og kommunale krav eller prosjekt, saman med lokal interesse og engasjement for nærmiljøet. Nokre av dei nyaste tiltaka som syns godt i distriktet er blant anna ‘Sjøperlo’, som er Vindafjord kommune sitt nybygg i samanheng med Ølen kulturhus, som skal vere eit kultur- og læringscenter. Det stod ferdig i 2019, og fungerer som ein møteplass for alle. Det er meint som ein arena for kultur, kunst, musikk, mangfald, kurs, skule og bibliotek. Det fungerer i stor grad som eit sosialt folkehelseiltak, og fungerer som både eit lokalt samlingspunkt, ein kulturell møteplass, og ein engasjerande og stimulerande arena for læring på ein sosial og trygg måte. Her finst ulike arrangement for folk i alle aldrar, alt frå sjakkturnering for barn og unge og møte med LEGO-kongen i distriktet, til digital kompetanselæring og senior-gaming. Rett utanfor dette bygget ligg ein forholdsvis ny aktivitetspark, med aktivitetar og leikeplass for både barn og vaksne. Det finst leikeplass, banar for blant anna padeltennis og beachvolleyball, og skatepark. Målet med Ølen Aktivitetspark er å skape ein møteplass, aktivitets- og trivselsområde, og ein attraksjon, alt i eitt, og ideen bak parken var å lage ein sosial møteplass ute som eit bidrag til folkehelsa i Ølen (som er kommunesenter) både fysisk og sosialt. Det var eit stort lokalt engasjement bak denne parken, både frå grendeutval og idrettslag, og målet med å legge den rett ved det nye kultur- og læringscenteret var å skape eit sentral og tilgjengeleg møteplass for alle. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Ølen grendeutval, næringslivet i kommunen, og Vindafjord kommune, og eg vil påstå i stor grad kome i stand på grunn av engasjementet frå grasrota og lokalbefolkninga i kommunen (godeidrettsanlegg.no, 2023).

Vindafjord kommune legg også til rette for at folk skal kome seg ut på tur og i meir fysisk aktivitet ute. Ordninga ‘ut på tur i Vindafjord’ gjer det enkelt å gå på tur i nærområdet, og motiverer folk ved å lage ein slags rebus med kodeord og å kunne vere med i trekning av premie. Også her er det tilrettelagt for ulike turar, avhengig av funksjonalitet. Det er laga lettare turar alle kan vere med på, i rullestol, barnevogn, sykkel og anna. Blant anna blei det laga ein fin ny tursti med lys i Ølen i 2021, tilgjengeleg for alle.



FIGUR 21: ØLEN AKTIVITETSPARK, MED 'SJØPERLO' I BAKGRUNNEN
(VINDAFJORD.KOMMUNE.NO)

7.1.4 Lokal mediedekning

I Vindafjord kommune finst det ei lokalavis som heiter Grannar. Denne avisa dekkjer både Vindafjord og Etne kommune. Noko av det ein ser på nettsida til avisa, men også i papirutgåva, er oppslag om det som skjer i distriktet som er oppe for alle til å kome og delta. Dette skapar ein inkluderande setting der ting blir lyst ut for alle som ønsker, og alle kan få tilgang på informasjonen. Dette inkluderer då dei aller fleste aldersgrupper, inkludert dei som ikkje er store på den digitale fronten og kan få med seg ting på for eksempel Facebook, der mykje i dag blir informert om. Denne kalenderen i lokalavisa skapar eit miljø for å kunne ha det sosialt, og viser også eit breitt spekter av aktivitetar, frå seniortrim, sosial kafé, bingo og andaktar, til kulturkveldar, dansekveldar, ungdomsklubbar, årsmøte og jegerprøvekurs. Det er naturleg nok ein del retta mot godt vaksne, sia dei nok er ei av dei største forbrukarane av lokalavisa, og mykje av det

Kva skjer i Grannar-distriktet?

08 mar	Vindafjord Mållag Årsmøte
08 mar	NMS Ølen Velkomne til «Fellesforum»
08 mar	Frette Bedehus Møte på Frette bedehus
08 mar	Åkrafjordtunet Frukost ved fjorden
08 mar	Skakke Teater: Mødrevariasjonar
08 mar	Etne Ervillingsentral

[Vis alle arrangementer](#)

FIGUR 22: KALENDER MED DET SOM SKJER AV AKTIVITETAR, MØTER OG ARRANGEMENT I GRANNAR-DISTRIKTET
(GRANNAR.NO)

dei unge gjer går føre seg på sosiale medium, men det er ein god blanding av aktivitetar og sosiale møteplassar som blir promotert.

7.2 Tysvær kommune

7.2.1 Endogen mobilisering

Tysvær frivilligsentral gjer det enkelt for alle å både bli frivillig, og å ta del i ulike sosiale arrangement som tar imot alle. Alt frå språk-kafé og kafémøte, frisklivstrening, tilrettelagt turgrupper inkludert henting og heimkøyning, leksehjelp og andre ting, drive av grasrota i Tysvær, driv det som er viktige lågterskel arrangement og samlingspunkt for alle. Målet er at alle skal kunne ha ein plass å gå, og ein stad ein alltid er velkomen. I tillegg til frivilligsentralen finst det også andre frivilligheitsdrivne arrangement og grupper. Dei lokale idrettslaga er ein viktig del av kommunal folkehelse for unge, fordi bevegelse, aktivitet, faste sosiale haldepunkt, og i mange tilfelle frisk luft, er veldig gode måtar å førebygge helseproblem seinare, både fysisk, psykisk, mentalt og sosialt. Sjølv om laga får midlar frå ulike stader og kan halde på, er det i stor grad, spesielt for dei yngre, basert på frivilligheit frå foreldre og andre vaksne eller unge vaksne, som stiller opp som trenarar og andre viktige roller for at laga skal fungere. Endogen mobilisering krev ofte ei vilje til å gi av seg sjølv for lokalsamfunnet og for andre folk, og er avhengig av at individ ønsker og vel å gjere dette. Som det blir diskutert i 7.1.1 i Vindafjord kommune, vil det ta mykje av folk, og ein skaper ein tanke om at med mindre ein gjer det sjølv, så skjer det ikkje. Kommunen kan sjølvsagt ikkje starte kvar einaste turgruppe, strikkeklubb og lokalt event, men om alt blir lagt opp til å vere basert på frivilligheit, kan man begynne å lure på kva kommunen eigentleg fasiliterer, og om all mobilisering og aktivisering må vere endogen for at noko skal kunne skje. Dette gjelder også for begge kommunane.

7.2.2 Eksogen mobilisering

Tysvær kommune har ytre faktorar som gir tiltak for betre folkehelse. Ein av desse faktorane er Rogaland fylkeskommune. Våren 2020 fekk fem kommunar i nordre del av fylket delta i 'Program for folkehelsearbeid i kommunane'. Dette er, som tidlegare nemnt med Vindafjord kommune, eit program som gir ekstra tilskotsmidlar til folkehelse, og då spesifikt retta mot alle nye foreldre. Tysvær kommune tilbyr to ulike foreldrekurs, der alle føresette med barn i alderen 0-18 år kan vere med og få nye tips og triks til korleis takle foreldrerolla. Dette kurset

er først og fremst for å fremje gode oppvekstvilkår, men er og både førebyggjande og helsefremjande, både for foreldre og barn. Sidan dette er eit fokusområde som får egne midlar frå fylket, vil dette vere eit eksogent tiltak i Tysvær kommune. Dette er med på å skape betre folkehelse spesielt for framtida. Førebygginga vil forhåpentlegvis redusere behovet for ekstra oppfølging seinare i livet, og vil nok vere preventivt spesielt med tanke på helse- og stressutfordringar for foreldre seinare i livet (Tysvær kommune, 2023; Vindafjord kommune, 2023). Som tidlegare nemnt i 7.1.2 om Vindafjord kommune, vil dette vere essensielt for å skape attraktive lokalsamfunn der folk ønsker å busetje og etablere seg. Gode oppvekstvilkår er ein av dei mest attraktive eigenskapane eit lokalmiljø kan ha og skryte på seg. Det at kommunane også har eit eige fokus på folkehelse, både i kort og lengre framtid, gjer innsalet av kommunane desto mykje betre. Det finst mange ting i planleggingssamanheng og visjonsplanar som politikarar og planleggarar bryr seg mykje meir om, og tenker på mykje meir enn vanlege folk, men akkurat folkehelse og god helse er viktig og i tankane til dei aller fleste.

7.2.3 Neoendogent

Tysvær kommune har ein arena for alt av kultur, kino, møter og kurs, utleige og fysisk aktivitet i Tysværtunet Kulturhus. Det har kafé og bevertning, kinosal, badeanlegg, idrettshall, bibliotek, kulturskule, konferansesal og selskapslokale. Det er eigd av Tysvær kommune, og har så mykje som over 320 000 besøkande kvart år. Ulikt Vindafjord kommune med Sjøperlo, er Tysværtunet eit eldre bygg, men godt brukt. Det opna så tidleg som i 1993, men har blitt pussa opp og endra fleire gonger for å tilpasse seg etter behov og etterspørsel. Det skulle vere ein møteplass for alle brukargrupper, og skal fungera for å skapa eit levande miljø i kommunesenteret, både sosialt og fysisk. Bygget har blitt ein heilt eigen møteplass som brukast av heile Haugalandregionen, mykje på grunn av badeanlegget med badesklier, barnebasseng og trygt område for leik i vatnet for folk i alle aldrar. I feriar blir det også arrangert ekstra ting spesielt for dei unge, og er ein kulturarena for alle. Dette er med på å

nedkjempe einsemd og utanforskap i alle aldrar, samt å legge til rette for meir aktivitet blant alle.



FIGUR 23: BADEANLEGG PÅ TYSVÆRTUNET (HAUGESUNDS AVIS, 2016)

FIGUR 24: KINOSAL PÅ TYSVÆRTUNET (SCENEROMMET.NO)

Tysvær kommune har også ein tilskotsordning «Aktivitet og trivsel i Tysvær». Dette er til for å fremje trivsel og helse gjennom å legge til rette for aktivitetar i lokalmiljøa som fører til inkludering, då spesielt for barn og eldre. Her er det viktig å mobilisere grasrota i kommunen, krafta i frivilligheita som stiller opp for å lage eit best mogleg miljø. Dette skal vere arrangement og aktivitetar som fremjar både sosiale møtearenaer og fysisk aktivitet.

Tysvær kommune har i tillegg ei tilpassa rundløype på grus-sti, med benker og rasteplassar og moglegheit for bruk av blant anna sykkel, rullestol og barnevogn. Det er også sett opp ulike trimapparat rundt løypa, for å inspirere til fysisk aktivitet for alle i ulike aldrar og funksjonalitet. Det er også lagt opp til badeplass om sommaren, og har som mål å invitere folk i alle delar av livet til å kome seg ut og bevege seg for sin fysisk helse.

7.2.4 Lokal mediadekning

I området Tysvær kommune har dei ei lokalavis som heiter Tysvær Bygdeblad. I denne avisa har dei ei jamn spalte som heiter Folkehelsespalten. Her blir det skrive om ulike tema innanfor folkehelse, og med fleire ulike forfattarar. Dette kan vere for eksempel folkehelsekoordinator i

kommunen, kommuneoverlegen, helsesjukepleiarar, og andre i ulike kommunale sektorar som har ulike vinklingar på kva folkehelse er og korleis god helse blir oppnådd. Tema varierer, frå direkte helsefokuserte innlegg angående antibiotikaresistens, kvinnehelse, fysisk aktivitet og immunsystem, til innlegg om sosiale ting som inkludering i leik, det å vera eit godt medmenneske, kor stor innverknad sosiale forskjellar har.

Spalta tar også for seg meir ytre faktorar, som tilgang på godt reint vatn og tilgjengelege uteområde, samt positiv bruk av den stadig meir digitaliserte verden. Folkehelse er eit komplekst, variert og varig problem, og spalta bidrar til å setje fokus på alle delar av det på ein enkel og lett tilgjengeleg måte (Tysvær bygdeblad, 2023).

Tysvær bygdeblad har også ein kalender med oversikt over arrangement og aktivitetar som skjer i distriktet. Denne kalenderen gir folk i alle aldrar moglegheit til å følgje med på det som skjer, utan å måtte vere avhengig av sosiale medium. Dette gjer det tilgjengeleg for alle, og skapar eit lokalmiljø med fokus på at alle skal kunne ha opplegg å gå til, og tilbod, om ein er på nett eller ikkje. I desse dagar skjer det mykje i lokale Facebook-grupper, men absolutt ikkje alle er online og ein ønsker at alle har tilbod.

7.5 Konklusjon

Endogene og eksogene prosessar på kommunalt nivå kan vere utfordrande å navigere og balansere. Det kan vere vanskeleg å vite i kva grad ein skal ta omsyn til begge partar, og når eksogene retningslinjer må overstyre lokal engasjement. Dette kan fort skape ulike konflikhtar, og det er viktig å få til dialog mellom ulike partar, og legge til rette for medverknad heile

Folkehelsespalten

FIGUR 26: TYSVÆR BYGDEBLAD SI FOLKEHELSESPALTE (TYSVER-BYGDEBLAD.NO)

Ka' skjer i Tysvær?

- 01** mar **Drop in kafe med digital hjelp**
Røde Kors
- 02** mar **Digital hjelp på Sosialsenteret**
Tysvær kommune
- 08** mar **Tilbud for baby (0-1 år) – Tysvær Kulturskole**
Tysværtunet
- 09** mar **Årsmøte – Skjold Idrettslag**
Skjoldhallen
- 11** mar **Tysvær Revmatiker Forening**
Tysværtunet

[Vis alle arrangement](#)

FIGUR 25: KALENDER I TYSVÆR BYGDEBLAD (TYSVER-BYGDEBLAD.NO)

vegen. Både Vindafjord og Tysvær kommune har ein god variasjon av lokalstyrte folkehelsetilbod som ofte har eit førebyggjande føremål, spesielt førebygging mot sosial og mental dårleg helse. Dette er både Frivilligsentral begge stader, men også andre lokale engasjement. I tillegg til dette, kjem fylkeskommunen inn på banen med retningslinjer og midlar som styrkar helse i kommunen. Denne eksogene mobiliseringa, spesielt med fødetilbod og kurs til nye foreldre, blir særskilt viktig for kommunen si satsing på folkehelse og å kunne skape attraktive lokalsamfunn folk ønsker å bli ein del av.

I mindre kommunar, bygder og tettstader er og blir lokalavisa ein viktig ressurs for å nå ut til alle, om det er i marknadsføringa av kommunen eller dei individuelle bygdene, om det er sosiale og fysiske aktive tiltak, eller om det er å informere om moglegheita for å medverke og vere med på å bestemme i kommunen. Dette ser vi både i Vindafjord og Tysvær kommune at går igjen, med kalender og mykje både oppløftande og konfliktfylte lokalsaker. Tysvær bygdeblad har i tillegg ein eigen folkehelsespalte, som fast skriv om ulike deler av folkehelse, både logiske og mindre kjente og tenkt over tema. Dette er ein ganske god måte å nå ut til folk på om det å ta vare på seg sjølv og alle rundt seg, og for å forstå lokalsamfunnet rundt seg. Den er kort nok til å bli lest, men lang nok til å engasjere og ofte godt skrive.

Veldig mykje av det som skjer i kommunane er ein type neoendogen prosess, der det som oftast er både kommunal eller regional, men også lokal, engasjement og involvering. I ei ideell verd burde mykje vere sånn, fordi dialogskaping og bruk av både lokale og andre ressursar ofte kjem fram til dei mest optimale løysingane for alle. Ikkje alle saker og tema kan avgjerast på ein demokratisk, neoendogen måte, fordi ikkje alle ting har tid, midlar, kunnskap eller lokal vilje til å hende ved demokrati, men må skje uansett. Eit eksempel generelt er nettopp folkehelse, der visse ting og system må bli avgjort og regissert på statleg eller regionalt nivå fordi det er der makta rår, og visse ting må bli universelt i landet uansett kva lokale meiner.

8.0 Konklusjon

Folkehelse i kommunal planlegging som forskingsfelt er eit samansett og komplekst prosjekt, med fleire ulike innfallsvinklar. Dette prosjektet har i største grad handla om korleis FN's berekraftsmål 3 – god helse – har blitt operasjonalisert gjennom temaet folkehelse i kommunal planlegging, i kommunane Vindafjord og Tysvær i Rogaland fylke. Her har eg sett på både korleis målet om god helse og livskvalitet, til dagleg definert som folkehelse, har blitt brukt i planleggingsprosessen i kommunane, og korleis dei prioriterer folkehelse i planarbeidet. I tillegg har eg sett på korleis desse planane og kommunane har tilrettelagd for god folkehelse i praksis, i det daglege liv. Eg har også fått vurdert kva tiltak som er lokale og endogene, kjem frå grasrota og er drivne av lokalsamfunnet, og kva tiltak som er eksogene og kjem frå høgare hald, som for eksempel fylkeskommunen eller staten. Dette har blitt forska på ved hjelp av følgjande forskingsspørsmål:

- 1. Korleis blir FN's berekraftsmål 3 om god helse inkludert i planarbeidet på kommunenivå, i kommunane Vindafjord og Tysvær?*
- 2. Korleis mobiliserer og engasjerer kommunane omkring berekraftsmål 3, både internt og eksternt?*
- 3. På kva for ein måte formar folkehelse kommunanes strategiske visjon om eit framtidsretta, attraktivt samfunn?*

Dette spørsmåla har blitt brukt for å analysere kvar kommune for seg, og finne ut av planarbeid, mobilisering og strategi for folkehelse i kommunane, og korleis dei ulike perspektiva av det menneskebaserte og det stadsbaserte skapar konflikhtar og gnissingar imellom seg sjølve.

Ulike teoretiske uttrykk og rammeverk har blitt brukt i denne forskinga, og har vore viktige og gitt oss ei auka forståing av både korleis ting heng saman, og kvifor konfliktfelta er både vanskelege og nyttige. Berekraftig utvikling har vore viktig fordi ein skal skape eit godt lokalsamfunn ikkje berre for nåtida, men også for framtida. Då er det viktig at nokre av dei større løysingane ein kjem opp med kan vere berekraftige over tid, og ikkje berre er gode for ein kort tidsperiode. Begge kommunane har vist at sjølv om sjølv omgrepet berekraftig utvikling ikkje nødvendigvis har vorte brukt, har konseptet om at ting skal ha ein effekt over ein lengre tidsperiode definitivt blitt vurdert og fokusert på. Dette ser vi blant anna igjen i måten dei har tilrettelagt for førebygging av helseproblem.

Her har skala også vore viktig som konsept, og då spesielt dei ulike framgangsmåtane med endogen og eksogen utvikling, for å forstå korleis ytre og indre faktorar fungerer på ulike måtar. Det har også gitt oss ei forståing for korleis spenningsfelt og konflikhtar kan vere såpass store, men fortsatt nyttige, i ein planleggingssituasjon. Spenningane har spesielt vore mellom det menneskebaserte synet på folkehelse, der større regionale løysingar og tiltak kjem med i spel, og det stadsbaserte synspunktet som tar føre seg lokale variasjonar og utfordringar som kommunane står ovanfor. Dette til saman har vore god hjelp for å kunne forstå kvifor lokalsamfunnet er som det er, og korleis kommunen saman har kome fram til somme av dei beste løysingane for akkurat seg sjølve, som verken er heilt endogene eller eksogene. Denne kombinasjonen kan vi forstå som ein neoendogen utviklingsprosess, som tar føre seg det beste frå begge hald, og til saman skapar dei beste løysingane som vi ser i kommunane.

Strategisk planlegging har veileida oss på vegen mot å forstå kvifor desse to ulike lokalsamfunna har prioritert som dei gjer, og kva handlingsrom dei har lent seg på. Dei har bestemt seg for korleis dei ønsker at kommunen skal vere som område og stad, og har gjort tiltak basert på dette. Dette har vore gjort i kommunane ved hjelp av medverknad, som gir alle ledda på skalaen moglegheit for å uttrykke sine meiningar om kva som er det beste for lokalsamfunnet. Begge kommunane har eit fokus på å leggje til rette for at alle skal få kome med sine forslag, og at dei kan bli høyrte. Her har også stadutvikling og marknadsføring vore i førarsetet, der begge kommunane ønsker at deira kommune skal vere ein attraktiv stad å jobbe og busetje seg. Då er det viktig å kunne skryte av gode folkehelseiltak og generelt gode oppvekstvilkår, for å kunne skape ein veksande kommune under konstant utvikling. Gode helsevilkår er god reklame for kommunen, og tiltrekkande tiltak er noko begge kommunane, men spesielt Vindafjord kommune, treng for å kunne vekse dei komande åra vidare fram i tid. Sist, men ikkje minst, har samfunnsplanlegging som konsept blitt brukt for å forstå korleis planleggingsprosessane i begge kommunane har føregått. Dette gjeld både kva som er krav til i kommunal planlegging, men også kva kommunane frivillig har valt å satse på og ha som fokusområde.

I kapittel 6 fekk ein ei forståing for kva dei ulike kommunane har gjort på eit planleggingsplan, og kva fokusområde som har blitt framheva i den kommunale planlegginga. Begge kommunane har eit klart fokus på folkehelse som ein av dei viktigaste handlingsromma deira, og som eitt av dei gjentakande temaa i dei kommunale planane. Det finst ulike framgangsmåtar, med ulike fokusområde, og kommunane brukar kommunale og lokale frivillige ressursar ulikt for å essensielt oppnå det same til slutt. Samtidig er det klare

likkskapar mellom dei to, der noko av det sjølvsagt er fordi dei er nabokommunar i same fylke, og dermed vil ha dei same retningslinjene og noko samarbeid dei imellom. Gjennomgåande fokus er å forbetre det generelle livet og helsa til innbyggjarane, og på ulike måtar tilretteleggja for at kvar enkelt kan ta styring over og interesse for si eiga helse på relativt enkle måtar. I tillegg til dette har begge kommunane eigne handlingsplanar for helse, og det er i kommunen si interesse å skape gode, attraktive lokalsamfunn gjennom god folkehelse. Dette ser ut som er eit større interessefelt enn berre det som er lovpålagd, og tyder på at god folkehelse på ulike måtar er i framsetet i den kommunale planlegginga.

I kapittel 7 har vi sett nærare på korleis folkehelse har blitt operasjonalisert som strategiske lokale tiltak, gjennom både endogene og eksogene prosessar. Vi har sett at det kan vere vanskeleg å balansere lokale engasjement og menneskebaserte retningslinjer utan å skape konflikhtar. Dette ser vi blant anna i skulestruktur-saka, som har vore oppe i begge kommunane, som uansett kva utfallet hadde blitt, hadde påverka folkehelse begge vegar i kommunen. I såne situasjonar vil det alltid vere store motsetningar, og løysingar finst i mange tilfelle ein stad i midten. Akkurat i denne saka var det veldig sterkt engasjement lokalt mot kommunens forslag, og det vart mange argument som svekka teorien om at det ville forbetre folkehelsa. Dette var blant anna på grunn av reiseveg, større klassar, mindre oppfølging, og ikkje minst at sentralisering vil gjere dei små bygdene endå meir irrelevante og uattraktive. Dette vil styrke dei sentrale bygdene, men går direkte mot kommunane sitt arbeid for eit attraktivt lokalsamfunn i heile kommunen. I Rogaland sin regionalplan ligg det også ei forventning om ei kommunal satsing på blant anna helsefremjande skular, barnehagar og nærmiljø, og at lokaldemokratiet skal ha stor innflytelse på rammene kommunen set for deira folkehelsepolitikk (Rogaland Fylkeskommune, 2012). Dette kjem frå folkehelselova, som blant anna seier at kommunen skal bidra til ei utvikling som fremjar befolkningas helse, trivsel og gode sosiale forhold (Folkehelseloven, 2011). Begge kommunane har ein god blanding av endogene folkehelsetilbod, som oftast av den førebyggjande sorten som hjelper med sosial og mental helse i det lange løp, samt eksogene retningslinjer og tiltak frå blant anna fylkeskommunen, som ofte er større tiltak med meir midlar i omløp som har liknande oppbygging og funksjon i fleire kommunar i fylket eller regionen. I Vindafjord og Tysvær kommunen er dette tydeleg i blant anna fødetilbod og kurs retta mot nye foreldre, som er engasjert av Rogaland fylke. Desse type tiltak er også særskilt viktige for kommunen med tanke på at folkehelse er eit stort satsingsområde, og er tiltak som vil booste attraktivitet i lokalsamfunnet. I begge kommunane ser vi at lokalavisa har ein viktig funksjon for å kunne

både informere og inkludere lokalbefolkninga frå kommunen si side, men også ein god stad for innbyggjarar å engasjere seg og finne informasjon om lokale tiltak som hender. Dette er ein god ressurs som ved første augekast kanskje ikkje er det største folkehelseiltaket, men om ein ser på det, vil ein finne viktige element i det. I kommunane vil mykje av det som skjer vere ein eller anna slags neoendogen prosess, der det er eit samarbeid mellom lokalt og regionalt utgangspunkt og idestandpunkt. Ideelt sett burde mykje av det kommunale vere sånn, fordi dialog og samarbeid vil kunne gi oss moglegheita til å sjå saker og løysingar frå fleire sider, og til saman kome fram til dei beste framgangsmåtane. Konflikhtar kan vere vanskelege å handtere og navigere, men ved hjelp av dialog mellom partar kan konflikhtar vere løysingsskapande. Ved å bruke fleire gode hovud med ulike perspektiv og ulike syn på ting, kan vi kome fram til optimale løysingar (Amdam og Veggeland, 2011). Folkehelse er eit komplisert tema i denne prosessen, spesielt fordi ikkje alt innanfor helse kan gjerast på lokalt demokratisk vis, og i nokre delar av helsesektoren må nasjonale retningslinjer råde over alle lokale meiningar.

Vindafjord kommune og Tysvær kommune er på mange måtar like i deira framgangsmåtar, samtidig som det finst ulikheit. Ein ting dei nok begge kan lære litt av kvarandre, er korleis ein balanserer førebygging og behandling, og korleis ein skal engasjere lokalbefolkninga. Dei gjer mykje likt eller liknande i fleire prosessar, både i tilrettelegging av eigne, personlege val for eigen helse for kvar enkelt, men har ulike perspektiv på kommunen si involvering versus kommunen si tilrettelegging for frivillig engasjement. Forskjellane på dei to kommunane, viser igjen i helse- og omsorgsplanane deira. Der Tysvær har mykje fokus på å tilretteleggja for lokalt engasjement og frivilligheit i samarbeid mellom kommune og lokalbefolkning, har Vindafjord meir samarbeid med andre kommunar på agendaen for å styrke folk sine eigne potensial til å ta vare på seg sjølve og si eiga helse. På generelt grunnlag har begge kommunane eit godt eksternt fokus på folkehelse, og viser til høge prioriteringar i planprosessar. Det er vanskeleg å seie kor mykje av det som er for å ha eit godt bilete av kommunen, og tiltrekke og gjere den attraktiv for nye innbyggjarar, og kva som er for å styrke lokalbefolkninga og kommunen som ein stad.

Forsking på temaet folkehelse er utfordrande, noko eg har fått erfart. Folkehelse er eit vidt omgrep som omfamnar veldig mykje, og det finst nok like mange meiningar om kva folkehelse er som det er folk i landet. Alle kan vere einige om at det i botn og grunn er å skape god, berekraftig helse for folket, både no og i framtida, men korleis det skal gjerast er ein heilt annan sak. Ein har førebygging versus behandling, og ein kan ha store tiltak som for

eksempel helsestasjon, og små lokale tiltak som sosial kafé, leikeplass og lysbesett tursti. I tillegg finst det både fysisk, sosial og mental helse å passe på, og dette skal helst vere gode tiltak for alle generasjonar, med eit spenn av ulike og varierte interesser. Det finst aldri berre ein rett løysing på korleis ein skal ta føre seg eit så viktig og breitt tema, og det finst mange ulike framgangsmåtar på fleire skala. Samtidig er alle stader ulike, så det som fungerer for ein plass er ikkje nødvendigvis ei god løysing for ein annan plass. Dette gjer det vanskeleg å vite både kva som er dei beste løysingane, kven som har mest fokus på helse, og kva effekt tiltaka i lokalsamfunna har. I prosessen med å forske på dette, har omgrepa endogent, eksogent og neoendogent vore nyttige for å forstå, analysere og sortere denne type spenningar på tvers av ulike skalanivå betre.

Gjennom dette prosjektet har eg også lært at forskning og studering av forskingsprosjekt i seg sjølv er utfordrande. Dette er av fleire ulike grunnar, der den første er at verda og samfunnet er i konstant endring. Kommunane jobbar alltid vidare på prosjekt og idear, det kan kome nye planar undervegs som er ulike dei ein eigentleg har teke utgangspunkt i, det kan kome statistikk for området som endrar perspektivet på ting, eller det kan bli publisert nye forskingsartiklar om teori ein har brukt. I tillegg er lokal forskning er utfordring fordi mykje av kunnskapen ein treng, sit hos lokalbefolkninga. Lokale tiltak og kjennskap kan vere essensielt for å kunne samle all nødvendig kunnskap, og det kan vere vanskeleg å vite akkurat kven ein må prate med for å få svar på det ein ønsker å finne ut av.

Ut i frå det eg har funne ut i denne forskinga, vil eg tru at begge kommunane i aller største grad vil fortsetje med folkehelse som fokusområde. I tillegg til at kommunane er lovpålagde å drive med og fokusere på dette, så er mitt inntrykk at det er eit lokalt engasjement for det i begge kommunane. Det vil vere til stor nytte for framtida, både for å behalde, beskytte, hjelpe og gjere til lags dei innbyggjarane som er i kommunen, men også i retning av å fortsetje å profilere kommunen som attraktiv buplass for å tiltrekkje seg fleire folk. Befolkningsauka ser lysare ut for Tysvær enn Vindafjord dei neste åra, men folkehelse som profilert fokusområde vil nok vere særskilt viktig for begge kommunane i dei kommande åra.

Referanseliste

- Amdam, J. og Veggeland, N. (2011) *Teorier om samfunnsstyring og planlegging*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Amdam, R. (2011) Kommuneplanleggingas institusjonelle legitimitet, i Higdem, U. et al. (red.) *Plan, region og politikk: festskrift til Noralv Veggeland*. Oslo: Forlag1, s. 59-80.
- Blowers, A. (1993a) *Planning for a sustainable environment: A report by the town and country planning association*. London: Earthscan Publications Ltd.
- Blowers, A. (1993b) The time for change, i Blowers, A. (red.) *Planning for a sustainable environment: A report by the Town and Country planning association*. London: Earthscan Publications Ltd.
- Campbell, S. (1996) Green cities, growing cities, just cities?: urban planning and the contradictions of sustainable development, *Journal of the American planning association*, 62(3), 297-299.
- Cope, M. (2016) Organizing and analyzing qualitative data, i Hay, I. (red.) *Qualitative Research Methods in Human Geography*. Canada: Oxford University Press, s. 373-393.
- DAMWAD (2015) Analyse av rasjonale for og innsats knyttet til lokal samfunnsutvikling innenfor regional- og distriktspolitikken. Delrapport 1. København; Oslo; Stockholm.
- Distriktssenteret (2023) *Stedsutvikling*. Tilgjengelig fra: <https://distriktssenteret.no/fagomrader/stedsutvikling/>.
- Dowling, R. (2016) Power, subjectivity, and ethics in qualitative research, i Hay, I. (red.) *Qualitative research methods in human geography*. Canada: Oxford University Press, s. 29-44.
- Dunn, K. (2016) Interviewing, i Hay, I. (red.) *Qualitative research methods in Human Geography*, 4. utg. Canada: Oxford University Press, s. 149-188.
- Encyclopedia.com (2022) "non-participant observation." *A Dictionary of Sociology*: Oxford University Press. Tilgjengelig fra: <https://www.encyclopedia.com/social-sciences/dictionaries-thesauruses-pictures-and-press-releases/non-participant-observation> (Lest: 19.10.2022).
- Falleth, E. og Hanssen, G. S. (2012) Medvirkning i planlegging, i Aarsæther, N., Falleth, E., Nyseth, T. og Kristiansen, R. (red.) *Utfordringer for norsk planlegging: kunnskap, bærekraft, demokrati*. Kristiansand Cappelen Damm Høyskoleforlag, s. 187-204.
- FN.no (2022) *FNs bærekraftsmål*. Tilgjengelig fra: <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal?lang=nno-NO> (Lest: 25.03.).
- FNs verdenskommisjon for miljø og utvikling (1987) *Vår felles framtid*. Oslo: Tiden norsk forlag.
- Folkehelseloven (2011) *Lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid*. omsorgsdepartementet, H.-o.
- godeidrettsanlegg.no (2023) *Ølen Aktivitetspark*. Tilgjengelig fra: <https://www.godeidrettsanlegg.no/forbildeanlegg/olen-aktivitetspark> (Lest: 02.03).
- Gray, D. E. (2018) *Doing research in the real world*. London, California, New Dehli, Singapore: SAGE.

- Gray, D. E. (2018) Non-participant observation, i Gray, D. E. (red.) *Doing research in the real world*, 4 utg. London, Los Angeles, New Dehli, Singapore: SAGE publications, s. 405-430.
- Gross, J. M. S. (2018) Document analysis, i Frey, B. B. (red.) *The SAGE Encyclopedia of Educational Research, Measurement, and Evaluation*. Thousand Oaks, CA: SAGE publications Inc.
- Hay, I. (2016) Glossary, i Hay, I. (red.) *Qualitative Research methods in human geography*. Canada: Oxford University Press.
- Helse- og omsorgsdepartementet (2011) *Ikraftsetting av lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven)*. I-6/2011. Tilgjengelig fra: https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/hod/dokumenter-fha/rundskrivi6_2011ny.pdf
- Higdem, U. (2011) Medvirkning i regional planlegging: partnerskap versus deltakelse, i Higdem, U. et al. (red.) *Plan, region og politikk: festskrift til Noralv Veggeland*. Oslo: Forlag1, s. 33-57.
- Krane, M. S. (2020) Stedsutvikling i Hedmark. Oppsummering og evaluering av arbeid med stedsutvikling i 16 distriktskommuner i Hedmark i perioden 1998-2018. 17/20. Innlandet fylkeskommune: NORCE Samfunn.
- Norad (2020) *Bærekraftsmålene*. Tilgjengelig fra: <https://www.norad.no/om-bistand/dette-er-fns-barekraftsmal> (Lest: 15.11.20).
- Nyseth, T. og Pløger, J. (2015) Perspektiver på steders tilblivelse, i Aure, M. et al. (red.) *Med sans for sted: nyere teorier*. Bergen: Fagbokforlaget, s. 47-63.
- Plan- og bygningsloven (2008) *Lov om planlegging og byggesaksbehandling*.
- Regjeringen.no (2022) *Bærekraftsmålene*. Tilgjengelig fra: https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan_bygningsloven/planlegging/fagtema/baerekraft_i_planlegging/id2846205/?expand=factbox2846209 (Lest: 2.2.2023).
- Rogaland Fylkeskommune (2012) Regionalplan for folkehelse i Rogaland 2013-2017. Stavanger: Rogaland Fylkeskommune.
- Rogaland Fylkeskommune (2020) *Utviklingsplan for Rogaland: regional planstrategi 2021-2024*. Fylkestinget i Rogaland.
- Rogaland Fylkeskommune (2021) Handlingsplan - fremme psykisk helse og forebygge selvmord 2021-2028.
- Rookwood, R. (1993) Making it happen, i Blowers, A. (red.) *Planning for a sustainable environment: A report by the Town and Country Planning Association*. London: Earthscan Publications Ltd.
- Saglie, I. L., Hofstad, H. og Hanssen, G. S. (2015) Hvordan studere motstridende hensyn i den kompakte byen?, i Hanssen, G. S., Hofstad, H. og Saglie, I. L. (red.) *Kompakt byutvikling: muligheter og utfordringer*, s. 26-35.

- Shamoo, A. E. og Resnik, D. B. (2003) *Responsible Conduct of Research*. New York: Oxford University Press.
